Bruttoresultatgrad	1,7	1,3	2,3	4,7	0,9	-0,3	-0,5
Nettoresultatgrad	1,2	0,9	2,3	4,2	1,7	-0,5	0,2
Netto renter og avdrag	5,6	5,3	4,6	4,3	3,7	3,7	4,3

Tal i % av brutto utgifter eks. renter

### 5.3 Utvikling av lånegjeld eks. pensjonsforpliktingar





## 5.4 Utvikling av lønskostnad

LØNSKOSTNADAR HEILE KOMMUNEN	2016	2017	2018	2019
010-019 Fastløn	152 088	165 839	166 599	168 014
020-029 Vikar	31 435	28 430	23 928	21 966
030-039 Ekstrahjelp	4 497	3 543	3 417	2 795
040-049 Overtid	2 342	2 789	2 724	3 072
050-069 Annen løn og trekkpl. godtgjersler	3 867	4 704	3 761	4 097
070-079 Løn vedlikehald	5 677	5 384	5 440	5 115
080-088 Godtgjersle folkevalde	1 673	1 442	1 395	1 444
089 Introduksjonsløn flyktningar	2 757	4 514	4 612	4 532
090-094 Pensjonsinnskot og koll. ulykke/gr.liv	24 613	25 303	27 126	26 230
099 Arbeidsgjevaravgift	30 068	31 655	31 255	31 421
SUM	259 017	273 601	270 257	268 686

Årleg lønsauke i %	2016	2017	2018	2019
Indeks	142,1	145,5	149,6	155,7

Lønsutvikling i faste 2019-kroner fordelt på art (tal i tusen kroner)



Stolpediagram Lønsutvikling i faste 2019-kroner for det enkelte området (tal i mill. kroner)

## 5.5 Likestilling

Hareid kommune arbeider for likestilling og mot diskriminering. Vi set oss mål om å arbeide for ein jamnare kjønnsbalanse, redusere ufrivillig deltid og redusere ulikskap i løn mellom kvinner og menn i samanliknbare stillingar.

Kjønnsbalanse

17 prosent av arbeidstakarane i kommunen er menn. Det er inga endring frå 2018. I 2017 var 19 prosent av arbeidstakarane menn.

### Fordeiling vinner og menn i ulike sektorar i Hareid

Sektor	Antal		Andel i prosent	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	331	68	83	17
Sentraladministrasjonen	10	7	59	41
<b>Oppvekst</b>	142	26	85	15
Skoleadministrasjon	3	2	60	40
Grunnskule	86	18	83	17
Barnehagar	50	3	94	6
Øvrig oppvekst	3	3	50	50
<b>Helse og sosial</b>	151	17	90	10
Administrasjon	9	2	82	18
Alm helsevern	9	0	100	0
Somatisk sjukeheim	55	1	98	2
PU	31	8	79	21
Heimehjelp-/sjukepleie	31	3	91	9
Sosialhjelp	5	2	71	29
Andre verksemder	11	1	92	8
<b>Kultur</b>	4	0	100	0
<b>Teknisk sektor</b>	24	17	59	41
<b>Ymse</b>	0	1	0	100

### 5.5.1 Deltid

Ei gjennomsnittstilling i kommunen er på 68 prosent, medan ein gjennomsnittet for ein tilsett er 81 prosent. Tilsette kan ha meir enn ei stilling. 44,6 prosent har 100 prosent. 64,8 prosent av desse er menn. 26,6 prosent har ei stilling mellom 75 og 100 prosent. 19,2 prosent har stilling mellom 50 og 75 prosent. Det er få som har stillingar under 50 prosent.

## 5.5.2 Stillingsstorleik

Hareid kommune ligg godt an i stillingsstorleik, i forhold til dei kommunane vi ofte samanliknar oss med.

### Årsverk, tilsette og gjennomsnittleg stillingsstorleik

	Tilsette			Årsverk			Stillingsstorleik i %		
	Alle	Kvinner	Menn	Alle	Kvinner	Menn	Alle	Kvinner	Menn
Hareid	406	335	71	328	269	59	80,7	80,2	83,0
Ulstein	621	479	142	478	381	97	76,9	79,5	68,1
Vanylven	325	268	57	241	195	46	74,0	72,8	80,1
Herøy	656	550	106	482	405	77	73,5	73,7	72,2
Sande	289	240	49	225	195	30	77,9	81,3	61,1
Volda	995	756	239	730	563	168	73,4	74,4	70,3
Ørsta	1128	878	250	847	671	176	75,1	76,4	70,3

## 5.5.3 Likeløn

Hareid kommune vil arbeide aktivt med å rette opp i lønsforskjellar som kan vere av diskriminerande art.

Vi ser at menn har ei høgare månadsforteneste og grunnløn enn kvinner.

Endring i grunnløn og månadsforteneste for menn og kvinner frå 2018 til 2019 er høvesvis 4,2 og 2,2 prosent.

Justert for ulike faktorar er grunnløna til kvinner samanlikna med menn høvesvis 93,1 når det gjeld alder. 99,4 prosent for utdanning, 99,5 for stillingskode og 99,2 prosent for utdanning. Det sentrale lønssystemet er bygd opp slik at løna aukar med antal yrkesaktive år (ansiennitet).

### Lønnsutvikling for fast- og timelønte hovud- og bistillingar i Hareid kommune

Kjønn	Månadsforteneste	Grunnløn 2019	Endring månadsforteneste 18-19	Endring grunnløn 18-19	Tilsette	Årsverk	Endring årsverk 18-19
Kvinner og menn	43 103	40 381	2,5 %	4,4%	406	328	-1,1%
Kvinner	42 791	39 849	2,2 %	4,1 %	335	269	-0,6 %
Menn	44 528	42 807	4,2 %	5,9 %	71	59	-3,3 %

### Lønnsforhold juster for ulike faktorar, Hareid kommune

B	2017		2018		2019	
Justert for	Kvinner månadsforteneste i prosent av menns	Kvinner grunnløn i prosent av menns	Kvinner månadsforteneste i prosent av menns	Kvinner grunnløn i prosent av menns	Kvinner månadsforteneste i prosent av menns	Kvinner grunnløn i prosent av menns
Ujustert	94,8	90,2	98,0	94,7	96,1	93,1
Alder	94,3	89,3	96,9	93,3	96,1	93,1
Utdanning	96,6	96,3	101,3	101,3	100,1	99,2

## 5.6 Helse – miljø og tryggleik

### 5.6.1 Status

Alle bedrifter skal utføre internkontroll og systematisk HMS-arbeid. Arbeidsgjevar, arbeidstakar, tillitsvald, verneombod, bedriftshelseteneste og arbeidsmiljøutval har alle roller i HMS-arbeidet. Alle områder skal ha eigne HMS-system som er tilpassa drifta og risikoforholda. Dette skal utarbeidast på sektor-/einingsnivå i tillegg til det som er overordna for kommunen. Arbeidstilsynet gjennomfører tilsyn.

### 5.6.2 Bedriftshelseteneste

Hareid kommune har avtale om bedriftshelseteneste med Stamina Helse AS.

### 5.6.3 Arbeidsmiljøutval

Arbeidsmiljøutvalet har hatt fire møter i 2019. Utvalet vekslar årleg mellom å ha leiar og sekretær frå arbeidsgivar- og arbeidstakersida. Oppgåvene til utvalet er fastsett i Arbeidsmiljølova.

#### Utvalet hadde slik samansetting i 2019:

Arbeidsgivarsida	Arbeidstakersida
Kariann Bigseth, sekretær	Frode Gaulen Robertsen, hovudverneombod
Trude Kristin Dalen, medlem	Asle Dromnæs, Utdanningsforbundet
Monica Svoren, medlem	Bente Øvrelid, leiar, Fagforbundet
Ragnhild Velsvik Berge, vara	Kjellbjørn Åsmo, Fagforbundet
	Øyvind Vassbotn, vara, Nito
Stamina Helse AS, møterett	
Ordfører, møterett	

### 5.6.4 Yrkesskader

Det er registrert to yrkesskader i 2019, med årsak i forstuvning/truslar og vald.

## 5.6.5 Sjukefråvær

Fråværet (lege- og eigenmeldt) i kommunen var i 2019 på 6,55 prosent.

Samanlikna med kommunane kring oss, har vi eit godt nærvær i Hareid kommune. Korttidsfråværet var 2,17 prosent, og langtidsfråværet 4,37. Statistikken som er henta frå UBW (Agresso), er egne registreringar som omfattar både eigenmeldt og legemeldt fråvær i kommunen.

Tal i prosent	Totalt fråv.	Korttidsfråv.	Langtidsfråv.
Sentraladministrasjon	5,2	1,73	3,47
Læring og kultur	6,06	2,02	4,04
Velferd	7,54	2,19	5,35
Samfunnsutvikling	6,32	2,9	3,42
Sum	6,55	2,17	4,37

KS samlar årleg inn fråværsdata, og set saman statistikkar på kommunenivå. Vi vel her å vise det samla sjukefråværet i vårt geografiske nærområdet i dei fire sist registrerte kvartala. Heile statistikken kan du lese her: KS: Sykefraværstall for kommuner og fylkeskommuner

Samla sjukefråvær 4. kvartal 2018- 3.kvartal 2019	
Kommunenamn	Fråvær i prosent
Vanylven kommune	9,19
Sande kommune	8,78
Herøy kommune	9,80
Ulstein kommune	9,62
<b>Hareid kommune</b>	<b>7,23</b>
Volda kommune	11,22
Ørsta kommune	11,07

Sjå kapittel om den enkelte sektor for detaljar frå sektorane.

## 6 SEKTORDEL

### 6.1 Forholdet mellom dei ein-skilde område

#### Netto driftsresultat for det enkelte område (ekskl. finans)

##### Driftsutgifter

	2019	2019	2019
Sektor	Tusen kr	Mill kr	%
Sentraladministrasjonen	20 257	20,3	4,8
Læring og kultur	153 658	153,7	36,1
Velferd	172 493	172,5	40,5
Samfunnsutvikling	79 005	79,0	18,6
Sum	425 413	425,4	100,0


##### Driftsinntekter

	2019	2019	2019
Sektor	Tusen kr	Mill kr	%
Sentraladministrasjonen	-3 441	-3,4	2,8
Læring og kultur	-27 734	-27,7	22,2
Velferd	-49 390	-49,4	39,6
Samfunnsutvikling	-44 221	-44,2	35,4
Sum	-124 786	-124,8	100,0


##### Nettoutgifter

	2019	2019	2019
Sektor	Tusen kr	Mill kr	%
Sentraladministrasjonen	16 816	16,8	5,6
Læring og kultur	125 924	125,9	41,9
Velferd	123 103	123,1	40,9
Samfunnsutvikling	34 784	34,8	11,6
Sum sektorar	300 626	300,6	100,0


## Utgifter og inntekter i 2018



## Andel av bruttoutgifter i prosent



## Andel av nettoutgifter i %



## 6.2 Etske retningslinjer

I kommunestyret 19. november 2015 PS 92/15 vart «Etske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Hareid kommune» vedtekne.

I formålet til retningslinjene kan vi lese:

Føremålet med Hareid kommune sine etske retningslinjer er at den kommunale verksemda skal drivast på ein ansvarleg og redeleg måte. Retningslinjene gjev uttrykk for den etske standarden som alle tilsette, tillitsvalde og folkevalde er forventa å leve etter. Dette gjeld i høve til medarbeidarar, brukarar av kommunale teneste, innbyggjarar og andre.

Retningslinjene skal gje grunnlag for refleksjon og gjere den ein-skilde meir medveten rundt etske tema. Dei skal vere med på å gje kommunen eit positivt omdøme, klargjere kva som er akseptabel praksis og gje vegleing i vanskelege vurderingar.

Hareid kommune legg vekt på slike forståingar av etikk knytt til kommunale gjeremål:

- Etikk er å bruke mynde med varsemd og forstand
- Etikk er å ha ei fri og uavhengig stilling i høve til saker der ein har mynde
- Etikk er ikkje å blande egne og offentlege interesser

Dei etske retningslinjene i si heilheit finn ein i internkontrollsystemet og på nettsidene til kommunen.

Dei skal vere med på å gje kommunen eit positivt omdøme, klargjere kva som er akseptabel praksis og gje vegleing i vanskelege vurderingar.

## 7 SENTRAL-ADMINISTRASJONEN

Leiar: Assisterande rådmann

### 7.1 Sektorskildring

Sentraladministrasjonen består av rådmann, assisterande rådmann og avdelingane Servicetorg og politisk sekretariat, Økonomi og Personal og organisasjon. Avdelingane tar hand om dei sentrale stab- og støttetjenestene i kommunen og bidrar såleis med administrative tenester til dei tenesteproduiserande sektorane i kommunen.

Sentraladministrasjonen har ansvar for å ivareta arkivtenester, politisk sekretariat, servicetorg, informasjon, inter- og intranettsidene, personvern, internkontroll, budsjett, økonomistyring, rekneskap, internrevisjon, skatt og innkrevjing, lønsarbeid, HMS-arbeid, inkluderande arbeidsliv, permisjonar, tilsettingar, pensjonsordningar, fråvær, ivaretake kommunen sitt arbeidsgivaransvar, samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, kompetanseutvikling, personforsikring, ansvar for låsesystem, tildeling av butilskot og startlån med mykje meir.

I 2019 vart ein ressurs knytt til velferdsteknologi flytta frå Sektor for velferd til Sentraladministrasjonen for å styrke IKT- og velferdsteknologiarbeidet i kommunen. Budsjettmessig vart flyttinga fyrst realisert frå 1.1.2020.

### 7.2 Oversyn faste årsverk

Per 31.12.2019

Resultateining	2019
Ordførarkontor	1,00
Hovudverneombod	0,05
Rådmannskontoret	2,00
Økonomiavdelinga	4,90
Personal og organisasjon	3,00
Servicetorg og politisk sekretariat	
IKT*	5,00
0,00	
<b>SUM SEKTOR</b>	<b>15,95</b>

\*Eit årsverk på IKT vart fyrst overført frå Sektor for velferd i budsjettet for 2020.



Kariann Bigseth,  
assisterande rådmann

### 7.3 Ressursinnsats

Sektorrekneskap (eks. avskrivningar)				
Tal i tusen kroner	R2019	B2019	Avvik	%
Driftsutgifter	20 677	20 824	147	99,3
Driftsinntekter	-2 918	-2 574	344	113,4
<b>Nettoutgifter</b>	<b>17 759</b>	<b>18 250</b>	<b>491</b>	<b>97,3</b>

Avdelingsrekneskap politisk styring og kontroll (eks. avskrivningar)				
Tal i tusen kroner	R2019	B2019	Avvik	%
Driftsutgifter	2 793	2 728	-65	102,4
Driftsinntekter	- 132	- 35	97	377,1
<b>Nettoutgifter</b>	<b>2 661</b>	<b>2 693</b>	<b>32</b>	<b>98,8</b>

Ressursane vart fordelt slik – (Nettoutgifter i 1000kr)	
RÅDMANNSKONTOR	3 114
ØKONOMIAVDELING	4 021
PERSONAL OG ORGANISASJON	3 094
SERVICETORGET	4 776
IKT-AVDELING	93
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 661
<b>SENTRALADMINISTRASJONEN</b>	<b>17 759</b>

Ressursane vart fordelt slik i politisk styring og kontroll – (Nettoutgifter i 1000kr)	
ORDFØRARKONTOR	1 364
KOMMUNESTYRE	302
FORMANNSKAP	118
LEVEKÅRSUTVAL	69
NÆRINGS- OG MILJØUTVAL	67
ANDRE POLITISKE UTVAL	0
STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	169
STØNAD TIL POLITISKE PARTI	50
REGIONRÅDSSAMARBEID	102
KONTROLLUTVAL	300
ELDRERÅD	25
RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA	12
VILT- OG INNLANDSFISKENEMND	0
HOVUDVERNEOMBOD	67
TILLEGSLØYVINGAR	15
<b>POLITISK STYRING OG KONTROLL</b>	<b>2 661</b>

Avviksoversyn – netttotal i 1000kr			
Eining	R2019	B2019	Avvik
RÅDMANNSKONTOR	3 114	2 828	- 286
ØKONOMIAVDELING	4 021	3 887	- 134
PERSONAL OG ORGANISASJON	3 094	3 295	201
SERVICETORGET	4 776	4 793	17
IKT-AVDELING	93	754	661
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 661	2 693	32
SENTRALADMINISTRASJONEN	17 759	18 250	491

Avviksoversyn politisk styring og kontroll – netttotal			
Ansvar	R2019	B2019	Avvik
ORDFØRARKONTOR	1 364	1 222	- 142
KOMMUNESTYRE	302	286	- 16
FORMANNSKAP	118	184	66
LEVEKÅRSUTVAL	69	67	- 2
NÆRINGS- OG MILJØUTVAL	67	62	- 5
ANDRE POLITISKE UTVAL	-	8	8
STORTINGS- OG KOMMUNEVÅL	169	173	4
STØNAD TIL POLITISKE PARTI	50	50	-
REGIONRÅDSSAMARBEID	102	94	- 8
KONTROLLUTVAL	300	363	63
ELDRERÅD	25	27	2
RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA	12	29	17
VILT- OG INNLANDSFISKE-NEMND	-	12	12
HOVUDVERNEOMBOD	67	57	- 10
TILLEGSLØYVINGAR	15	60	45
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 661	2 693	33

### 7.3.1 Økonomisk avviksanalyse

Samla sett hadde Sentraladministrasjonen eit overskot på ca. kr 491 000,- i 2019. Det har vore praktisert innkjøpsstopp og berre det absolutt mest naudsynte har vorte brukt pengar på.

Rådmannskontoret hadde eit overforbruk på cirka 405' i 2019. Dette skuldast i hovudsak advokatutgifter til Øvrelidsaka som ikkje det er budsjettert for og forskotering av kostnader til leiarutviklingsprogrammet. Det er også belasta ein god del lisensar og kontingentar på Rådmannskontoret som skulle ha vore belasta anten ein sektor eller fellesområdet.

IKT-avdelinga gikk med eit overskot på 663'. Dette skuldast mellom anna mindre kjøp av utstyr og lisensar i 2019 enn det som

er budsjettert med (ca 300') og at det ikkje var budsjettert med fordeling av heile kostnaden for SSIKT (ca 700'). Totalt ga dette eit overskot på avdelinga.

Økonomiavdelinga hadde i 2019 eit meirforbruk på 133', dette skuldast at inntekter det var budsjettert med, td. SSIKT, ikkje var reelle. I tillegg vart ei justering i høve inntekter frå sjølvkost gjort, som også medførte reduserte inntekter til økonomiavdelinga. Til saman gjorde dette at, ein til tross for innsparing på fastløn ved at økonomileiarstillinga var ubesett i nokre månadar og høgrefusjon sjukeløn enn budsjettert, ein totalt ikkje klarte å halde budsjettet i avdelinga i 2019.

Servicetorg og politisk sekretariat gikk omtrent i balanse. Der var eit lite mindreforbruk totalt sett.

Personal og organisasjon hadde eit mindreforbruk på 201'. Dette skuldast i hovudsak mindreforbruk på lisensar og konsulenttenester.

SLT-prosjektet Det vart for 2019 i samarbeid med Ulstein kommune søkt om midlar til opplæring innan radikaliserings og ein fikk tildelt 200 000,- til dette. Det har hovudsakleg vorte nytta til deltaking på Radikaliseringskonferansen og andre komeptansetiltak. I 2019 vart det rekneskapsført kostnader på til saman 119 000,- på dette prosjektet.

## 7.4 Måloppnåing

IKT-avdelinga fikk i 2019 overført ein personellressurs frå Sektor for velferd. Ressursen skal i hovudsak jobbe med innføring av velferdsteknologi, samt andre oppgåver på IKT-området i kommunen. Budsjettmessig vart lønsmidla ført overført frå 2020, men arbeidet vart sett i gong i 2019. Mellom anna skal ha syte for god oversikt og plan for IKT-utstyr i kommunen.

Servicetorg og politisk sekretariat yter tenester gitt innanfor rammane av forvaltningslova, arkivlova, offentleglova m.fl. og etter interne reglement.

Vi hadde eit stort prosjekt i 2019 ved innføring av nytt sakarkiv system. Sjølv om systemet var i drift frå mai 2019 var der store utfordringar ved oppstart og vi hadde ein god del feilrettingar fram til juli 2019. Etter det har det vore mykje arbeid med opplæring, justering av koding, malar med meir.

2019 var også valår med kommuneval og avdelinga hadde ansvar for gjennomføring av dette.

Det vart også jobba mykje med innføring av GDPR og personvern i avdelinga, mellom anna ved personvernombodet.

Personal og organisasjon hadde i 2019 sett seg enkle mål om å auke digitaliseringa av prosessar. Ein del mål er nådd, men det er

eit sterkt ønske om betre system. Dette er del i ein interkommunal prosess i 7-stjerna og det går sakte.

Avdelinga har også ansvar for tertialvis rapportering på viktige hendingar, avvik, tilsyn og utviklingsarbeid, samt på nærvær (sjukefråvær) for organisasjonen.

Vi hadde skifte av økonomileiar i 2019, og ei periode med vakanse før ny leiar var på plass førte til utfordringar med kapasitet og kvalitet på økonomiplanprosessen. Prioriterte oppgåver framover er meir effektiv fakturaflyt, optimalisering av budsjettprosess og rapportering.

## 7.5 Tilstandsvurdering

### 7.5.1 Tenestene

Servicetorg og politisk sekretariat har hatt vanleg drift i 2019. I tillegg til innføring av nytt sakarkiv system som skissert over var det valår med kommunestyreval. Dette gir ekstra arbeid både før (arbeidet startar alt ved årsskiftet) og etter valdagen (vi er fortsatt ikkje ferdige med alle val som skal gjerast etter kommunevalet). I tillegg er det mykje arbeid med internkontroll, mellom anna med oppfølging og opplæring i kvalitetssystemet (Compilo) og avvikshandtering. Det vart i 2019 gjennomført ei kampanje i kommunen for å minne om å melde avvik når det skjer uønska hendingar.

Personal og organisasjon har hatt normal drift i 2019, men året har vore prega av mange særskilte krav frå fagforeiningane.

Økonomiavdelinga har jobba godt gjennom året, men var prega av at økonomi leiaren sa opp stillinga si og slutta i Hareid kommune på sommaren. Det vart tydelig for oss at vi er ein organisasjon som er svært sårbar, ved at mykje kompetanse er samla hjå få nøkkelpersonar. Det er derfor sett i verk tiltak for å syte for at fleire er involvert i ulike prosessar, slik at vi ikkje vert så sårbare ved turnover. Ny økonomisjef var på plass frå 1. oktober og han fekk ei bratt læringskurve i ein organisasjon med økonomiske utfordringar og krav til større omstillingar.

Økonomiavdelinga hadde ei langtidssjukemelding store delar av året, noko som også påverka kapasiteten i avdelinga.

Sentraladministrasjonen har i 2019 avdekt til saman 3 avvik i organisasjonen. Avvika er rapportert i Compilo (internkontrollsystemet) og er no lukka. Alle avvika gikk på ulike typer brot på personvernet i organisasjonen.

” Det vart tydelig for oss at vi er ein organisasjon som er svært sårbar, ved at mykje kompetanse er samla hjå få nøkkelpersonar.

### 7.5.2 Læring og utvikling

Tilsette i Sentraladministrasjonen har gjennomført kurs knytt til ulike fagområder og tilsette deltek i interkommunale faggrupper og nettverk.

Servicetorget har ansvar for svært mange fagområde og har utfordringar ved å få kompetansemidlane til å strekke til, til god nok fagleg oppdatering på alle fagområda.

Personalleiar har hatt styreleiarvervet i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Leiar for Servicetorget fekk tildelt pris for Årets arkivar av IKA i 2019.

### 7.5.3 Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet i sentraladministrasjonen er godt. Det vert regelmessig gjennomført medarbeidersamtalar i avdelingane og det vert rapportert om godt psykososialt miljø både internt i avdelingane og med andre tilsette på rådhuset.

Etter tilbakeflytting til rådhuset har det fysiske arbeidsmiljøet vorte betraktelig betre, med godt lys, betre lydforhold og god temperatur på kontora. Det vart i 2019 også investert i fleire hev/senk bord og skjermar til tilsette som hadde behov for dette.

Sentraladministrasjonen har lavt korttidsfråvær, men har i 2019 hatt to lengre sjukemeldingar som trekk opp snittet for langtidsfråvær. Begge vart friskmeldte i løpet av året.

### 7.5.4 Særskilte tiltak

Hareid kommune sette i 2017 i gang eit større kvalitetsutviklingsprosjekt, LOSEN 2025. Prosjektet vart starta opp ved at kommunen gjennomførte undersøkinga Kommunekompasset, der ein vert målt opp mot andre kommunar. Kommunekompasset er eit verktøy for strategisk utvikling av den kommunale organisasjon og for vurdering av forvaltningspraksisen i kommunen. Den seier ingenting om kvalitet på tenestane som vert levert. Hareid kommune scora 247 poeng av totalt 800 oppnåelige. Dei beste norske kommunane ligg rundt 500 poeng. Mål for prosjektet er å oppnå 300 poeng i 2019 og 500 poeng i 2025.

Ny måling vart gjennomført i mai 2019 og vi oppnådde 324 poeng, noko vi er svært nøgde med.

Det er i 2019 også sett i gong eit større prosjekt for leiarutvikling i kommunen. Det var gjennomført anbuds konkurransen og inngått kontrakt med Agenda Kaupang sommaren 2019. Leiarutviklingsprogrammet bygger på Hareid kommune si leiarplattform og består av samlingar spreidd utover ei to-årsperiode med oppstart

hausten 2019. Det er samlingar med berre rådmannen si leiar-gruppe i tillegg til samlingar med alle leiarane. På nokre samlingar/tema der det er vurdert som relevant vert også kommunalsjefane sine rådgjevarar invitert med. Leiarutviklingsprogrammet har fått svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane så langt og vert i all hovudsak finansiert med OU-midlar frå KS.

Sentraladministrasjonen tilbydde også i 2019 opplæring for nyttilsette i kommunen, men på grunn av for få påmeldte vart kurset ikkje gjennomført. Det må gjerast ei evaluering av kva behov ein har for frekvens på slik opplæring, eventuelt om den skal organiserast på ein annan måte slik at det i større grad legg til rette for få deltakarar.

IKT-avdelinga har fått tilført ein ressurs for å styrke arbeidet med velferdsteknologi, oversikt over IKT-utstyr, vere bindeledd mellom kommunen og SSIKT med vidare.

Servicetorg og politisk sekretariat hadde som skissert over mellom anna ansvar for nytt sakarkivsystem og gjennomføring av val.

Personal og organisasjon har mellom anna jobba med å få digitalt fråværssystem sett i drift i sektor for velferd.

Økonomiavdelinga har mellom anna jobba med å legge til rette for redusert sårbarheit for sentrale prosessar.

**Mål for prosjektet er å oppnå 300 poeng i 2019 og 500 poeng i 2025. Ny måling vart gjennomført i mai 2019 og vi oppnådde 324 poeng, noko vi er svært nøgde med.**

## 8 SEKTOR FOR LÆRING OG KULTUR

Kommunalsjef: Eivind Longva



Eivind Longva,  
kommunalsjef læring  
og kultur

### 8.1 Sektorskildring

Sektor for oppvekst femnar om tenestene bibliotek, kulturskule, vaksenopplæring, flyktning, grunnskule og barnehage.

Hareid kommune har bibliotek, kulturskule, ressurscenter, tre kommunale barneskular, ein ungdomsskule og tre kommunale barnehagar, med einingsleiarar som har eit sjølvstendig fag-, personal- og økonomiansvar. Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef.

Hareid kommune har tilsyns- og rettleiingsansvar for privat barnehage i kommunen, samt ansvar for å gjere vedtak og finansiere spesialpedagogiske tiltak i privat barnehage og privat grunnskule.

### 8.2 Utviklinga i faste årsverk

Resultateining	2019
Kommunalsjef	1
Barnehagekontor	1
Skulekontor	1
Kulturkontor	1,31
Biblioteket	1,55
Hareid musikk- og kulturskule	4,14
Ressursenteret	9,96
Hareid Ungdomsskule	29,91
Hareid skule	33,81
Bigset skule	13,71
Hjørungavåg skule	11,09
Bigset barnehage	16,15
Syverplassen barnehage	15,40
Hareid barnehage	6,13
Spes.ped barnehage	1,39
Styrka barnehage	3,43
Lærlingar	1,08
SUM SEKTOR	152,1



## 8.3 Ressursinnsats

Tal i tusen kroner	R2019	B2019	Avvik	%
Driftsutgifter	162 615	163 935	1 320	99,2 %
Driftsinntekter	-29 919	-25 282	4 637	118,3 %
Nettoutgifter	132 696	138 653	5 957	95,7 %

### Ressursane vart fordelt slik – (nettoutgifter i 1000 kr)

OPPVEKSTKONTOR	31 857
BIGSET SKULE	9 417
HAREID SKULE	23 588
HJØRUNGAVÅG SKULE	8 481
HAREID UNGDOMSKULE	25 336
HAREID MUSIKK OG KULTURSKULE	2 238
RESSURSSENTERET	7 153
BIGSET BARNEHAGE	8 437
HAREID BARNEHAGE	4 232
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	8 772
KULTURKONTOR	1 169
BIBLIOTEK	1 464
KULTURTILTAK	551
LÆRING OG KULTUR	132 696

### Avviksoversyn - netttotal i 1000KR

Eining	R2019	B2019	Avvik
OPPVEKSTKONTOR	31 857	32 858	1 001
BIGSET SKULE	9 417	10 564	1 147
HAREID SKULE	23 588	25 175	1 587
HJØRUNGAVÅG SKULE	8 481	9 241	760
HAREID UNGDOMSKULE	25 336	24 319	-1 017
HAREID MUSIKK OG KULTURSKULE	2 238	2 545	306
RESSURSSENTERET	7 153	8 253	1 100
BIGSET BARNEHAGE	8 437	9 320	883
HAREID BARNEHAGE	4 232	3 647	-586
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	8 772	9 276	504
KULTURKONTOR	1 169	920	-249
BIBLIOTEK	1 464	1 592	128
KULTURTILTAK	551	943	392
LÆRING OG KULTUR	132 696	138 653	5 957

## 8.3.1 Økonomisk avviksanalyse

Sektoren hadde i 2019 eit mindreforbruk på 1,3 millionar kroner. Dette er eit resultat av at alle har jobba hardt for å redusere utgiftene, og som er eit bidrag for å få kommunen ut av det økonomiske uføret ein er i. Meirinntekta på om lag 4,6 millionar kroner gjeld om lag 1,3 million i nasjonalt tilskot til auka lærartettleik i skule, tilskot vidareutdanning av lærarar 1,7 millionar, og 447 000 kroner i tilskot til auka bemanning i barnehage. I tillegg fekk vi tilskot til digitalt arbeid, auka inntekt på grunnskule for vaksne og auka foreldrebetaling i barnehage. Dette kjem fram i tabell over «ressursinnsats» der kostnadane har ein dekningsgrad på 99,2 %, medan inntektene syner ein dekningsgrad på 118,3 % i høve til budsjett.

### Barnehage

I tabellen for faste tilsette har barnehage auka mykje i 2019. Dette var ein del av budsjettprosessen, og prognosane då synte at sektoren skulle ta dette inn att gjennom auka inntekter. Dette ser vi no ettersom barnehagane, samla sett, leverer eit positivt bidrag. Både Syverplassen barnehage og Bigset barnehage har maksimalt tal barn, og driv svært effektivt. Hareid barnehage driv også godt, men er særleg utsett i tap av inntekter. For å halde kostnadane nede har styrarane vore brukt som vikar ved sjukefråvær, i ferieavvikling og såleis teke innsparingar så godt som råd.

### Skule

På skuleområdet syner resultatet eit mindreforbruk. Dette er ein konsekvens av at vi også i 2019 har auka inntekter/ tilskot utan å auke talet på tilsette. Hareid skule kjem ut med størst mindreforbruk. Dette er ikkje eit resultat av lågare drift, men at kostnad knytt til elevar som går på skule i andre kommunar er overført til ungdomsskulen. For Hareid ungdomsskule kjem dette fram gjennom eit negativt avvik på kr 623.000. Både Hjørungavåg og Bigset skule har spart gjennom at rektor har teke vikartimar, og at ein slår saman klasser ved sjukdom. Det har gjennom heile året vore stram drift, og det har vore lagt vekt på å yte nødvendige tenester innan gitt budsjetttramme. Musikk- og kulturskulen har eit positivt avvik på 146.000 kroner. Mykje av dette er refusjon i samband med at rektor har vore vikar i lengre sjukefråvær.

### Ressurssenteret

Totalt har Ressurssenteret med ansvar 2730 Vaksenopplæring, 2750 Flyktingkontor og 2760 Introduksjonsprogram eit mindreforbruk på kr 1.101.560 i 2019. Hareid busette sju flyktingar av målalet ti i 2019, av dei berre tre vaksne. Vi mottok med det mindre statstilskot for opplæring i norsk og samfunnskunnskap, men har og hatt reduserte kostnadar ved færre i introduksjonsprogrammet.

” Dette er eit resultat av at alle har jobba hardt for å redusere utgiftene, og som er eit bidrag for å få kommunen ut av det økonomiske uføret ein er i.

## Biblioteket

Har eit mindreforbruk på 128.000 for 2019. Måla er nådd med minimalt bruk av ekstrahjelp, samt reduserte medieinnkjøp.

## Hareid musikk- og kultuskule

Har eit positivt resultat på vel 300 000 kroner.

## 8.4 Einingane med mål/ måloppnåing

### Hareid musikk- og kulturskule

Skulen hadde i 2019 254 elevplassar fordelt på 134 på musikkundervisning, 52 på visuell kunst, og 68 på klassisk/jazzballett. Arbeidet med tiltaks- og utviklingsplan er godt i gang, og fokusområde samarbeid/kontakt med heimen fungerer etter kvart svært fint. Implementering/ arbeid med rammeplan vert bevestigjort og jobba med gjennom heile året. Vurdering for læring med praksisforteljing og kollegarettleining er heile tida på dagsordenen. Musikk- og kulturskulen har eit positivt avvik på kr 225.331,- Det meste av dette skuldast svært nøktern og sparsam drift, effektivisering med litt meir gruppeundervisning, og at rektor har vore vikar i lengre sjukefråvær.

### Biblioteket

Mål som vart nådd:  
Lånekort til flest mogleg skuleelevar.  
Auke i utlån av barnebøker.

Mål som ikkje vart nådd:  
Plan for klassebesøk i samarbeid med skulane, men samarbeid og ressursgruppe er oppretta og arbeidet er i gong.  
Digital løysing for betaling av kopiar og utskrifter.

### Ressursenteret

Ressursenteret stettar tenestene vaksenopplæring og busetjing og kvalifisering av flyktningar etter introduksjonslova og opplæringslova (§4a1 og 4a2). Målet er å kvalifisere flyktningar til arbeid eller vidare utdanning i tett samarbeid med andre kommunale einingar, Nav, privat næringsliv og andre utdanningsinstitusjonar. Vi deltek og i satsingar etter Kvalitetsplanen til sektoren, samt nasjonale mål med endringar i introduksjonslova og opplæringslova.

Ressursenteret hadde i 2019 totalt 137 deltakarar (89 vår og 48 haust) i norsk og samfunnskunnskapskurser etter introduksjonslova, og 50 elevar (telledato 1. oktober) i grunnskule, derav 16

elevar frå Hareid og 34 frå nærliggande kommunar. Hareid har hatt grunnskuleopplæringstilbodet for kommunane Ulstein, Herøy og Sande i over 20 år, og Giske dei siste tre åra.

### Ungdomsrådet

Er aktiv med seks-åtte møter i året, inkludert eit felles interkommunal møte med andre ungdomsråd i regionen og eit fast møte med rådmann og politikarar i året. Ungdomsrådet er engasjert i ungdomsklubben, UKM og kulturarrangement i samband med Opplev Hareid. Ungdomsrådet har også avtale med Vikebladet/Vestposten og skriv artiklar om tema som opptek unge på Hareid fire gongar per år.

### Ungdomsklubben

I juni 2019 vart ungdomsklubben opna, eit tilbod til unge i alderen 13-18 år. Klubben er open 1 fredag kvar månad. Klubblokala i Rådhuskafeen er oppussa, og gjennom støtte frå lokalt næringsliv har vi fått høve til å kjøpe inn møblar og utstyr.

### UKM (Ung Kultur Møtes)

Har også i 2019 vore eit interkommunalt samarbeid med Ulstein kommune. Målgruppa er barn og unge i alderen 10-20 år der dei har mulighet til å vise fram ulike kulturuttrykk som musikk, dans, drama, kunst osv. I 2019 var det rekorddeltaking av ungdom frå Hareid kommune. 18 unge talent fekk vere med til Fylkesmønstring, og eit band fikk delta i Landsfestivalen. Det vart også gjennomført Mini-UKM på scene i parken under Opplev Hareid.

### Den kulturelle spaserstokk

Ein søker fylket om midlar til kulturopplevingar, og reise for eldre over 70 år. Kulturopplevingar både for dei som bur heime, og dei som bur på sjukeheimen. Ordninga vert organisert gjennom samarbeid med Frivilligsentralen.

### Den kulturelle skolesekken

Kontaktperson for kommunen. Målgruppe er barn og unge som får kulturelle opplevingar i grunnskuleperioden. Mål å utvikle betre samarbeid med kulturkontaktene i skulen i høve organisering og system.

### Reiseliv

Kulturkonsulenten er kontaktperson for Hareid kommune. Sommaren 2019 vart det oppretta Turistinformasjon på Circle K i Hareid i samarbeid med lokalt næringsliv, og Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. På slutten av året 2019 vart kommunen med i ei felles reiselivssatsing for Ytre Søre Sunnmøre ilag med kommunane Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane, fylkeskommunen og Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, der det er felles prosjektleiar for alle kommunane og reiselivsselskapet 2469 leiar arbeidet.

## 8.4.1 Barnehage

På barnehageområdet vart det frå 1.8.2019 ei auke i bemanningsnorma for barnehagelærarar, same tal tilsette, lågare barnetal per barnehagelærar. I tillegg til dette er det i 2019 ei auke i barnetalet i dei kommunale barnehagane. Kommunen fylgjer den nasjonale norma for bemanning og pedagogtettleik.

For å halde kostnadane nede har styrar gjort ein stor innsats ved sjølv å vikariere og elles halde kostnadane nede ved sjukefråvere, i ferieavvikling og såleis teke innsparingar så godt som råd. Samla sett er der eit mindreforbruk i den ordinære kommunale barnehagedrifta. Auka aktivitet i kommunal barnehage fører til lågare overføring til private barnehagar.

«Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune, Læring og omsorg» og nasjonale satsingar legg føringar for dei kommunale barnehagane sine satsingsområde. Arbeid med «Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver» er inkludert i dei lokale og nasjonale satsingane i kommunen.

Barnehagane har og saman med skulane, frå mars 2019 vore med i Utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderende barnehage- og skolemiljø». I denne satsinga vert det jobba vidare med verdiar, autoritative vaksne og vaksenrolla i barnehagen. Satsinga vil halde fram til desember 2021.

Gjennom desse satsingane vart det i 2019 jobba med:

- Barnehagen sitt læringsmiljø
- Tidleg innsats
- Samarbeid heim-barnehage/skule.

Syverplassen barnehage:

Per 31.12 var det 63 born i Syverplassen barnehage.

Bigset barnehage:

Per 31.12 talde barnegruppa 64 born i Bigset barnehage.

Hareid barnehage:

Per 31.12 var der 27 born i Hareid barnehage.

Med 144 born ved Gnist barnehagar Holstad, var der på teljedatoen 15.12.19, 296 born i barnehagane i Hareid.

### Styrka barnehage

Spesialpedagogisk hjelp vert gitt etter Barnehagelova §19a. Vi har ansvar for rettleiing av personalet og gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp for dei barna som er gitt rett til dette. Kommunen er ansvarleg for spesialpedagogisk hjelp i privat og kommunale barnehagar.

I Hareid kommune jobbar vi medvite med å redusere behovet for spesialpedagogisk hjelp ved å sette inn støtte for dei barna som har behov for tilrettelegging utover det ordinære tilbodet i barnehagen.

Etter endringar i barnehagelova har barn med funksjonshemming

” For å halde kostnadane nede har styrar gjort ein stor innsats ved sjølv å vikariere og elles halde kostnadane nede ved sjukefråvere

rett til enkeltvedtak om ressursar etter barnehagelova §19 g. Desse midlane kan barnehagane/føresette søke kommunen om. Barn har rett til slik ressurs både i privat og kommunale barnehagar.

## 8.4.2 Grunnskule

Fokusområder innanfor utviklingsarbeidet:

### Tidleg innsats

Dette er satsingsområde både nasjonalt og lokalt. Kommunane får øyremerkte midlar til å styrke læringsmiljøet for kvar einskild elev. Satsinga skal synast att gjennom høgare lærartettleik. Hareid kommune har eige kommunalt nettverk på tvers av skular som arbeider med styrking av område gjennom eigen plan og systemoppfølging.

### IKT i skulen

Skulen i Hareid har fått tilført investeringsmidlar i 2018-2019 som gjer det mogleg å gje elevane retten til opplæring og bruk av digitale hjelpemidlar. Det er i 2019 lagt ned eit stort arbeid for å få på plass naudsynte planar, løyve og dokumentasjon for at vi skal bli godkjente brukarar. Det meste av naudsynt infrastruktur på dei ulike skulane er på plass, og 1:1 med anten Ipad (1.-7.) og chromebook (8.-10) er på plass. I tillegg har enno fleire lærarane fått opplæring i pedagogisk bruk av digitale hjelpemiddel i undervisninga. Hareid kommune har eige kommunalt nettverk på tvers av skular som arbeider med styrking av område gjennom eigen plan og systemoppfølging.

### IBSM: Inkluderande barnehage og skulemiljø

Skulane har saman med barnhagane og PPT, frå mars 2019 vore med i Utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderende barnehage- og skolemiljø». 2019 har i hovudsak gått med til eit grundig initieringsarbeid i leiargruppa (styrarar og rektorar) og resultert i ein overordna plan for denne satsinga dei neste to åra etter Utdanningsdirektoratet og fylkesmannen sine føringar. Frå januar 2020 og dei neste to åra vert det i denne satsinga jobba vidare med verdiar, autoritative vaksne, vaksenrolla, eit trygt miljø og profesjonsrolla på alle nivå i barnehage og skule. Hareid kommune har eige kommunalt nettverk på tvers av skular og barnehagar som arbeider med styrking av område gjennom eigen plan og systemoppfølging. Kvar barnehage og skule har også si ressursgruppe og eigen implementeringsplan ut frå den overordna planen for satsinga.

### Fagfornyninga

Skulane i Hareid til lags med resten av skule Noreg har nytta året til arbeid med fagfornyninga som har oppstart hausten 2020. I samarbeid med Sjustjerna i den desentraliserte kompetanseutviklinga har vi budd oss på fornyninga av dei nye læreplanane gjennom dia-

logkonferanse og mellomarbeid i samarbeid med lærarane Ørsta kommune, og Høgskulen i Volda. Vi har også hatt to økter med lærande nettverk med mellomarbeid for rektorar i heile Sjustjerna, også i samarbeid med Høgskulen. Eit spennande arbeid som har budd oss på det som kjem.

## 8.5 Årsmeldingar frå dei enkelte skulane

Tal henta frå skuleporten 2020, Udir Elevundersøkingar på 7. og 10. trinn.

### Korleis lese tabellen?

Skala 1-5: Høg verdi betyr positivt resultat. Beste gjennomsnittsverdi er 5.

Nasjonale prøver på 5. og 8. og 9. trinn

### Korleis lese tabellen?

Diagrammet viser gjennomsnitt av elevene sine skalapoeng, usikkerheit knytt til gjennomsnittet og intervallet der 60 prosent av elevane er. Nyttar ein lenkja [bit.ly/skuleportenhareid5klasse](http://bit.ly/skuleportenhareid5klasse) kan du halde musepeikaren over eit av punkta for å sjå dei nøyaktige tallene. Under diagrammet som viser gjennomsnitt, finn du elevane fordelt på mestringsnivå for kvar av prøvene. Ein bør sjå gjennomsnittet og fordeling på mestringsnivå i samanheng.

### 8.5.1 Årsmelding Bigset skule 2019

89 elevar


### Måloppnåing

#### Økonomi:

- Bigset skule har gjennomført pålagde innsparingar og styrer etter budsjett.

#### Nasjonale prøver:

- Skulen skårar under nasjonalt snitt i alle dei tre ferdigheitene.
- Skulen har lågare resultat enn kommunen sine resultat i faga matematikk og engelsk.
- Andre kartleggingar i matematikk og engelsk (t.d. Kartleggeren) viser ei aldersadekvat gruppe, med resultat god innafor normalen.
- Dei låge resultatata på nasjonale prøver er grundig drøfta i kollegiet, og tiltak er sett inn.
- Skulen ser ein svak oppgang i resultatata for lesing.



### Elevundersøkinga 2019:

- Skulen skårar høgare enn kommunalt og nasjonalt snitt, på alle indikatorar, med unntak av motivasjon - der vi ligg like under.
- Ingen elevar har meldt at dei blir mobba.
- Skulen skårar særleg høgt på læringskultur, trivsel og støtte frå lærarane.

Indikator og nøkkeltall	Bigset skule	Hareid kommune	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Læringskultur	4,4	4,0	4,0	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	4,0	3,9	3,7	3,8
Faglig utfordring	4,1	4,0	3,9	4,0
Felles regler	4,3	4,5	4,4	4,4
Trivsel	4,3	4,3	4,2	4,3
Mestring	4,0	4,0	4,0	4,0
Støtte fra lærerne	4,8	4,5	4,5	4,4
Motivasjon	3,7	3,9	3,7	3,8
Vurdering for læring	4,1	4,0	3,8	3,9
Støtte hjemmefra	4,1	4,1	4,2	4,3

Bigset skule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 7, Begge kjønn

## 8.5.2 Årsmelding Hjørungavåg skule 2019

98 elevar


### Måloppnåing

#### Økonomi:

- Hjørungavåg skule styrer etter budsjett og held dette, med god margin

### Nasjonale prøver 2019

Resultat på nasjonale prøver er resultatet i engelsk og matematikk bedre enn lesing. Vi har flest elevar på nivå to og tre i engelsk og matematikk, men i lesing er det flest på nivå to. Her må vi inn med tiltak som fremja leseutviklinga tidleg. Døme på tiltak



er tilpassa lesestoff, finne ut kvar eleven er på lesebrett og sette inn rett tiltak til ei kvar tid. Rettleia lesing, Tempolex, Ask Raski er tiltak som også blir brukt.

### Elevundersøkinga 2019:

Indikator og nøkkeltall	Hjørungavåg skule	Hareid kommune	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Læringskultur	4,0	4,0	4,0	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	4,2	3,9	3,7	3,8
Faglig utfordring	4,2	4,0	3,9	4,0
Felles regler	4,7	4,5	4,4	4,4
Trivsel	4,4	4,3	4,2	4,3
Mestring	4,1	4,0	4,0	4,0
Stotte fra lærerne	4,5	4,5	4,5	4,4
Motivasjon	3,9	3,9	3,7	3,8
Vurdering for læring	4,2	4,0	3,8	3,9
Stotte hjemmefra	4,2	4,1	4,2	4,3

Hjørungavåg skule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 7, Begge kjønn

Hjørungavåg skule har gode resultat på elevundersøkinga. Vi har hatt fokus på trivsel, elevdemokrati og medverknad, fellesskap og tidleg innsats. Dette viser igjen på resultatet. Vi ligg over både

fylket og nasjonalt på dei aller fleste områder. Godt resultat.

Når det gjeld å nå måla i høve elevundersøkinga så har vi absolutt gjort dette. I høve resultat på nasjonale prøver har vi framleis ein jobb å gjere. Dette er tiltak som må setjast inn frå 1. klasse slik vi sikrar at alle leiar når sitt potensiale.

## 8.5.3 Årsmelding Hareid skule 2019


247 elevar

### Måloppnåing

#### Økonomi:

- Hareid skule har eit mindreforbruk på cirka 5 prosent som sitt bidrag til forventa innsparingar i sektoren

### Nasjonale prøver 2019



Hareid skule har for 2019 noko varierende resultat i høve til det nasjonale resultatet. Det er sjølvsagt svært gledeleg når ein ser at i rekning ligg resultatata godt over nasjonalt nivå. I engelsk ligg vi på landsgjennomsnitt og i lesing noko under. Det er jobba med resultatata på detaljnivå i eininga og lagt planar med mål om å auke resultatata i lesing. I dette arbeidet har vi også starta opp eit samarbeid med PPT. I det pedagogiske arbeidet i klasseromet har vi hatt fokus på tilpassa opplæring der leiing er tett på alle trinn og nyttar kvalitetsindikatorane som hjelpemiddel for å finne elevane sin ståstad, som igjen vert utgangspunkt for å tilpasse opplæringa til den enkelte elev i høve til nivå og metode. Dette arbeidet har eit todelt overordna mål: 1. Utvikle eleven frå der han/ho er, sjå eleven som eit subjekt. 2. I metodeval skal eleven oppleve delta-king og meistring i skuledagen.

## Elevundersøkinga 2019:

Indikator og nøkkeltall	Hareid skule	Hareid kommune	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Læringskultur	3,9	4,0	4,0	4,0
Elevdemokrati og medverknad	3,8	3,9	3,7	3,8
Faglig utfordring	3,8	4,0	3,9	4,0
Felles regler	4,4	4,5	4,4	4,4
Trivsel	4,3	4,3	4,2	4,3
Mestring	4,0	4,0	4,0	4,0
Støtte fra lærerne	4,4	4,5	4,5	4,4
Motivasjon	3,9	3,9	3,7	3,8
Vurdering for læring	3,9	4,0	3,8	3,9
Støtte hjemmefra	4,1	4,1	4,2	4,3

Hareid skule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 7, Begge kjønn

Då kan det vere litt nedslåande at det er akkurat indikatoren for elevdemokrati og medverknad i elevundersøkinga har vi lågast resultat på. Dette har dessverre gått igjen i elevundersøkingane gjennom fleire år. Som sagt jobbar vi systematisk og har konkrete mål i utviklingsplanen som er knytt til dette, men ser likevel at elevane ikkje opplever det slik. Vi får sjå på det som at vi er i utvikling! Dette er også teke med vidare i IBSM – satsinga vår

### 8.5.4 Årsmelding Hareid ungdomsskule 2019

192 elevar

#### Måloppnåing

#### Økonomi:


- Eininga fekk eit overforbruk på om lag kr 900.000,-. Store kostnader knytt til opplæring for einskildelevar, utan at eininga har blitt tilførd nye midlar er noko av årsaken.

#### Nasjonale prøver 2019


Resultat nasjonale prøver 9.steg måler progresjonen frå 8.klasse til 9.klasse. Resultata vert verdifulle når dei kan nyttast til å måle framgang/tilbakegang – både som gruppe og individuelt. Slik kan ein vurdere om undervisninga har vore retta godt nok opp i mot målgruppa.

Resultat for 9. steg hausten 2019 syner at ein har nådd målsetjinga om å «flytte» delar av elevmassen frå eitt meistringsnivå til eit høgare. Dette gjer at ein har færre elevar på meistringsnivå 1 (9.steg) enn då same elevgruppa vart målte på 8.steget.


## 8. steget:



## 9. steget




## Lesing 9. steget



Hareid ungdomsskule, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

## Rekning 9. steget



Hareid ungdomsskule, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

## Elevundersøkinga 2019

Indikator og nøkkeltall	Hareid ungdomsskule	Hareid kommune	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Læringskultur	3,5	3,5	3,8	3,8
Elevdemokrati og medvirkning	3,3	3,3	3,3	3,4
Faglig utfordring	3,9	3,9	4,2	4,3
Felles regler	4,0	4,0	4,0	4,0
Trivsel	4,0	4,0	4,2	4,1
Mestring	4,0	4,0	3,9	3,9
Utdanning og yrkesveiledning	4,0	4,0	3,9	3,8
Støtte fra lærerne	3,9	3,9	4,0	4,0
Motivasjon	3,2	3,2	3,4	3,4
Vurdering for læring	3,1	3,1	3,2	3,3
Støtte hjemmefra	3,8	3,8	4,0	4,1

Hareid ungdomsskule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn

Undersøkinga viser at skulen jamt og trutt gjennom dei fem siste åra har betra resultat på dei punkta som har vore satsingsområder.

## 8.6 Tilstandsvurdering

### 8.6.1 Tenestene

I alle delar av sektoren vert det gjort eit svært godt arbeid innfor læring og kultur, men med stadig krav til strammare ressursbruk. Sektoren er stor og mangfaldig, men oppslutninga kring Morsmålsdagen synte at samholdet og samskapinga er stor. Sjå elles under punkt 1.4.

### 8.6.2 Læring og utvikling

Både Ressurssenteret, kulturskolen, barnehage og skule er med i ulike utviklingsprogram både lokalt, regionalt, og nasjonalt. Barnehage og skule er med i den store satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

### 8.6.3 Arbeidsmiljø

Det blir gjennomført årlege medarbeidarsamtalar på alle nivå. I tillegg har kommunalsjef utviklings- og oppfølgingssamtalar med mellomleiarane. Det som kjem fram av behov for endring blir handsama i sektoren, eller med hjelp av sentraladministrasjonen, etter faste prosedyrar.

Det er meldt totalt 17 avvik i Compilo. Dei fordelar seg med 4 på teneste/ brukar, 2 på organisasjon, og 11 på HMS. Alle avvika er lukka eller sett i verk tiltak som blir evaluerte.

Sjukefråværet i sektoren er totalt sett i 2019: 6,06 prosent, der korttidsfråværet er på 2,02 prosent, og langtidsfråværet er på 4,04 prosent. Det er lågt på skule, medan korttidsfråværet er høgare på barnehage. At barnehage ligg høgare er naturleg då dei tilsette lettare blir eksponert for smitte av ulik sort, men også på grunn av fleire tilsette med langvarig sjukdom.

### 8.6.4 Særskilte tiltak

Det blir arbeid kontinuerleg for å finne mindre ressurskrevjande måtar å arbeide på for å imøtekomme krav til sparing. Med stor innsats på alle nivå så har vi lykkast så langt.

## 9 SEKTOR FOR VELFERD

Kommunalsjef 2019 Nils-Arne Skagøy, frå 01.05.2019.

### 9.1 Sektorskildring

Sektoren har desse einingane: Helse- og koordinerande eining, bu- og habiliteringsteneste, heimeteneste, korttidseining, skjerma eining, bu-eining og kjøkken.

Interkommunale samarbeid som er forankra i sektoren:

- Nav Hareid, Ulstein og Sande, der Hareid er vertskommune
- Interkommunal barnevernteneste, der Volda er vertskommune

Leiargruppa består av kommunalsjef og 6 einingsleiarar. Velferdskontoret har følgjande samansetning: rådgivar (drift/økonomi), sakshandsamar (tildeling), konsulent og kommuneoverlege.

Sektor for velferd er ein kompetanse- og kvalitetsorganisasjon. Tiltak for å bidra til å utvikle og kvalitetssike tenestene i Velferd:

- Aktiv deltaking i Hareid kommune sitt leiarutviklingsprogram.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom leiing og hovudtillitsvalt og vernetenesta.
- Kompetanseplan for sektoren
- Rammeavtale for turnus
- Sjustjerna-samarbeid, både på overordna og fagleg nivå
- Fagutviklingsdag i turnus
- Samarbeid med Helse Møre og Romsdal
- Kvalitetsforbetningsarbeid (organisering - HMS - pasienttryggleik)
- Fleire omstillingsprosjekt etablert/under etablering

#### Omdømebygging, rekruttering og personalsituasjon

Det krev langsiktig planlegging å kunne nytte tilgjengelig kompetanse og ressursar på den best tenelege måten for organisasjonen. Vi har ei målretta og bevisst haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester. For å kunne rigge Hareid kommune sine tenester for framtida har vi fleire samarbeidsarenaer. Nokre av våre samarbeidspartnarar er: Helse Møre og Romsdal HF (døme: lokalt samhandlingsutval Volda sjukehus), kommunane i 7-stjerna, Høgskulen i Volda, NTNU i Ålesund, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Utviklingscenter for sjukeheim og heimeteneste Møre og Romsdal, og Sunnmøre regionsråd si samhandlingsgruppe for helse- og omsorgstenester.



Nils-Arne Skagøy, kommunalsjef for velferd

Når Sektor for velferd innførte fagutviklingsdag i turnus, så sikra dette at kontinuerlig fagutvikling og kompetanseutvikling når alle i organisasjonen. Det har og ringverknadar på rekruttering av faglært personell, og gir positivt omdøme på Søre Sunnmøre. Det har likevel vore utfordrande å rekruttere sjukepleiarar inn i faste stillingar og vikariat på natt. I heile 2019 har det vore ledig legeheimel ved Hareid legesenter, og ein har sikra drifta med vikarar. Det har vist seg vanskelig å rekruttere til stillinga.

Kommunen si deltaking i Kommunekompasset er viktig for bevisgjerung av vårt samfunnsansvar, og det å bygge omdøme.

### 9.2 Faste årsverk

pr. 31.12.19

2019	
SUM SEKTOR	128,19

Her er ein nedgang på ein stillingsheimel då 100% driftsteknikar IKT overført til sentraladministrasjon.

### 9.3 Ressursinnsats

Sektorrekneskap (eks. finans)				
Tal i tusen kroner	R2019	B2019	Avvik	%
Driftsutgifter	175 425	167 889	-7 536	104,5 %
Driftsinntekter	-46 552	-44 438	2 114	104,8 %
Nettoutgifter	128 873	123 451	-5 422	104,4 %

Ressursane vart fordelt slik - (Nettoutgifter i 1000kr)	
NAV-KOMMUNE	5 201
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	18 607
BARNEVERN OG SOSIALKONTOR	16 146
VELFERDSKONTOR	5 790
SKJERMA EINING	10 458
SOMATISK EINING	21 969
KJØKEN	4 305
HEIMETENESTE EINING 1	17 046
HEIMETENESTE EINING 2	5 608
BU- OG HABILITERING	23 743
VELFERD	128 874



Avviksoversyn - netttotal i 1000KR			
Eining	R2019	B2019	Avvik
NAV-KOMMUNE	5 201	7 343	2 142
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	18 607	18 681	74
BARNEVERN OG SOSIALKONTOR	16 146	14 458	-1 688
VELFERDSKONTOR	5 790	6 318	528
SKJERMA EINING	10 458	9 827	-632
SOMATISK EINING	21 969	22 922	953
KJØKEN	4 305	4 406	101
HEIMETENESTE EINING 1	17 046	16 837	-209
HEIMETENESTE EINING 2	5 608	5 763	155
BU- OG HABILITERING	23 743	16 896	-6 847
VELFERD	128 874	123 452	-5 422

### 9.3.1 Økonomisk avviksanalyse

Sektoren kom rekneskapsmessig i minus på grunn av negativt driftsresultat i barnevern, skjerma eining, heimetenesta og bu- og habilitering. Meirforbruket på – 1,667 millionar kroner i barnevernet er knytt til auke i tiltak. Skjerma eining sitt meirforbruk på - 632' kroner skuldast tidsavgrensa auke i bemanning (helsehjelp) og inntektsreduksjon då dobbelrom er midlertidig omgjort til einerom. Skjerma eining har redusert sjukefråværet som igjen medfører svikt i budsjettert inntekt (sjukelønsrefusjon).

Meirforbruk i heimetenesta skuldast auka kostnader ved brukarstyrt personleg assistanse (BPA) organisert av kommunen.

Bu- og habilitering har eit stort negativt driftsresultat på heile 6,903 millionar kroner. Årsaka er meirforbruk på løn med 2,163 millionar kroner. Dette kjem av auke i lovpålagte tenester som avlastning, praktisk bistand i heim, og særskilte tiltak som tidvis har kravd 2-til-1 bemanning for å yte naudsynt helsehjelp. Det er vesentleg auke i avlastning og praktisk bistand til barn, ungdom og ung voksen. Bu og habilitering har samstundes ein kraftig reduksjon i statleg refusjon på særleg ressurs-krevjande tenester på 3,479 millionar kroner. Dette kjem av at statuttane frå staten vart strengare med mellom anna større krav til dokumentasjon for å få tilskot til særleg ressurskrevjande tenester. Desse statuttane vart først gjort kjent for kommunen i rundskriv av 14.01.20. Som kommune hadde vi derfor ikkje muligheit til å vere i forkant av og ta omsyn til desse endringane.

Ein anna faktor som og påverkar tilskotet frå staten er reduksjon i enkeltvedtak for nokre av brukarane. Nokre av tenestemottakarane har ekstern leverandør og desse leverandørane har auka timespris og auke i timetal som gjer at kjøp frå private medfører eit meirforbruk på 680' kroner. Over år er det stipulert høgare inntekt på sjukeløn og fødselspengar i eininga. For 2019 medfør-

te det manglande inntekt på 820'. Tal på registrerte med psykisk utviklingshemming som har tenester, har auka.

Sjukeheimen (institusjon) har over år ein større grad av multisjukes pasientar/eldre. Det medførte at ein måtte styrke bemanninga utover stillingsheimlane ein hadde til rådighet. Statleg refusjon på særleg ressurskrevjande tenester gjer at sjukeheimen samla sett er i balanse. I 2019 har det vore naudsynt å avvikla dobbelrom i einkilde einingar slik at talet på pasientar har gått ned. Dette for å kunne yte naudsynt helsehjelp. Dette forklarar deler av lågare brukarbetaling.

Sal av mat (matombering) har ein svikt i inntektene på 160' kroner. Brukarbetaling har eit samla underskot på 568' kroner.

Helse- og koordinerande eining held sitt budsjett sjølv om legetenesta har eit underskot på 1,468 millionar kroner. Årsak til underskot i legetenesta er lønsauke og auka driftstøtte til legesentret. Det er vakante stillingar og prosjektmidlar som gjer at eininga har eit positivt resultat.

Sjukefråværet i sektor Velferd er redusert med 1,05 prosent, og det er svært gledelig. Men det medfører svikt i budsjettert inntekt på 891' kroner.

## 9.4 Måloppnåing

Leiargruppa utarbeidde eit Måldokument medio 2019. Måldokumentet tek utgangspunkt i sektorens utfordringsbilde, definerer fokusområder og tiltak.

### Fokusområde 1:

Omstilling i Hareid kommune – sektor Velferd

- Følgje opp strategi for omstillingsarbeidet i Hareid kommune
- Identifisert og etablert fleire omstillingsprosjekt, fleire godkjent og lagt inn i budsjett 2020.
- Fleire omstillingstiltak (strukturendring sjukeheim)

### Fokusområde 2

Kvalitetsforbetningsarbeid

- Utarbeidd dokument som beskriv organiseringa av kvalitetsforbedringsarbeidet i sektoren
- Få element i organiseringa implementert pr 31.12.19

### Fokusområde 3

DagAktivitet for heimebuande demente

- Prosjektdirektiv utarbeidd.
- Prosjektgruppe etablert.
- 100% stillingsressurs, driftsmidlar og ressurs til ombygging lagt inn i budsjett 2020.

## Fokusområde 4

### Velferdsteknologi

- Midlar til Velferdsteknologi inn i budsjett frå 2020
- Starta arbeidet med Handlingsplan (strategi) for Velferdsteknologi i Hareid kommune.
- Midlar til signalanlegg/infrastruktur Hardartun (budsjett 2020). Søknad send husbanken innan 01.05 - i rute.

## Fokusområde 5

### Samskapning og brukarmedverknad

- kommunalsjef rådmannens representant i eldreråd og
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Støtte opp om etablering av Pårørandeforening
- Støtte opp om lokal aktivitet som aukar samskapninga i Hareid kommune.

## Fokusområde 6

### Bustad for menneske med nedsatt funksjonsevne

- Avklare lokalisering.
- Forprosjekt og investering inn i budsjett 2020.
- Etablere breitt samansett prosjektgruppe.

## Fokusområde 7

### Tildeling, sakshandsaming og sørviserklæring

- Etablert prosjektgruppe (omstilling)
- Utarbeide «Kvalitetsstandard for tildeling av Helse- og omsorgstenester i Hareid kommune». Arbeid starta opp, politisk handsaming innan juni 2020.

## Fagutviklingsdag i turnus

Vi har ei målretta og bevisst haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege tenester. Som eit ledd i dette arbeidet har vi fagutviklingsdagar for turnusarbeidande og dagtilsette. Kompetanseplan for velferd sine tenester har bakgrunn i sentrale dokument og krav og forventningar om ein lokal plan for å utløse kompetansemidlar frå Fylkesmannen innafor helse og omsorgstenestene.

## Prioritert fagkompetanse 2019

- Tilby vår kompetanse (instruktørar) innan førstehjelp til andre.
- Gjennomført instruktørkurs og oppstart av ProACT (metodikk for å registrere endringar i pasientens helsetilstand).

„ Vi har ei målretta og bevisst haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege tenester.

## 9.5 Tilstandsvurdering

### Oversikt over vedtakstenester 2017 - 2019

	2017 (brukarar)	VEDTAKS- TID (time/døgn)	2018 (brukarar)	VEDTAKS- TID (time/døgn)	2019 (brukarar)	VEDTAKS- TID (time/døgn)
--	--------------------	--------------------------------	--------------------	--------------------------------	--------------------	--------------------------------

### HEIMETENESTENE

BPA	6	18 340 timar	7	19 376 timar	6	18 340 timar
Heimesjukepleie	197	26 553 timar	222	25 160 timar	220	27 128 timar
Heimehjelp	102	4617 timar	93	3971 timar	88	3778 timar
Tryggleiksalarm	106		101		110	
Matombringning (middag)	82		75		65	
Rehab.leilighet	19	897 døgn	28	618 døgn	20	492 døgn

### HJELLEBAKKEN

Avlastning (Hjellebakken)	10	24.203 timar	10	29 485 timar	10	30 136 timar
Praktisk bistand/opplæring	19	52.939 timar	25	52 824 timar	26	64 127 timar
Sanzibar	11	7409 timar	10	7334 timar	11	8939 timar

### HELSE- OG KOORDINERANDE EINING

Psykisk helse/rus	125	3125 timar	153	3824 timar	166	3528 timar
Dagsenter for eldre	52	9243 timar	56	10.731 timar	57	11 476 timar
Felleskapet Aktivitetsenter	16	4152 timar	16	4969 timar	15	4397 timar
Støttekontakt	38	6684 timar	47	6148 timar	43	5906 timar

### SJUKEHEIM

Kortidsopphald	67	2101 døgn	65	1995 døgn	60	2325 døgn
Avlastning	5	36 døgn	2	9 døgn	1	15 døgn
Langtidsopphald	67	15 871 døgn	64	16 643 døgn	65	15 485 døgn
KAD (Øyeblikkeleg hjelp)	23	102 døgn	21	95 døgn	15	48 døgn

Tabellen «Oversikt over vedtakstenester» viser utviklinga av tenesteproduksjonen i Helse- og omsorg dei siste tre driftsår. Det er i heimetenesta (heimesjukepleie), bu og habilitering og dagsenter for eldre det er størst etterspurnad. Oversikten understreker den øko. Avviks-analysen som er knytt til bu- og habilitering. Det er svært viktig å bygge omsorgsbustader og avlastingsbustader for

menneske med nedsett funksjonsevne. Det er og eit stort behov for formålstenelege lokale til dagaktivitet for målgruppa innan bu- og habilitering, heimetenesta og andre.

Når det gjeld sjukeheimen har målgruppa endra seg vesentleg dei siste ti åra. De fleste er multisjuka eldre. Sjukeheimen skal og handtere krevjande medisinsk fagleg oppfølging etter sjukehusopphald. Her er store krav til fagleg kompetanse, og denne kompetansen har Hareid sjukeheim målretta jobba for. Vi opplever at sjukeheimen har eit godt omdøme. Det er to einingsleiarar ved sjukeheimen, og desse har eit stort «kontrollspenn» og institusjonen er svært sårbar ved leiars fråvær. Det er behov for å styrke leirolla i sjukeheimen, då ein må møte dei faglege utfordringane som gjeld, syte for kvalitetsforbetring (HMS og pasientsikkerheit) og ikkje minst betre ressursforvaltning.

Kommunen driftar BPA ordningar sjølv, noko som krev mykje ressurs til administrasjon og fagleg oppfølging. Det vart i 2019 gjeve mandat til einingsleiar ved heimetenesta frå kommunalsjef der målsettinga er å vurdere og overføre BPA ordninga til ekstern leverandør. Hareid kommune deltek difor no i anbudsrunde saman med sjustjerne-kommunane når det gjeld leverandørar for BPA-ordninga. Dette vil betre ordninga då det vert eit klart skilje mellom tildeling/fagleg tilsyn (kommunen) og drift av BPA (ekstern leverandør). Leiar for heimetenesta vill då få frigjort ressurs til å imøtekomme faglege utfordringar, kvalitetsforbetring (HMS og pasientsikkerheit) samt ressursforvaltning/personalansvar i si eining.

Når det gjeld barnevernet i Hareid kommune viser ein til det Interkommunale barnevernet si årsmelding. Det same for NAV Hareid, Ulstein og Sande.

Når det gjeld legetenesta er der rekrutteringsutfordringar både til permanent ordning med kommuneoverlege, samt ein legeheimel som har stått ledig over tid. I samband med innflytting i det nye helsehuset er det naturleg å vurdere driftsforma ved legesenteret som eit rekrutteringstiltak for å sikre ei god og trygg legeteneste framover.

### Tilsyn og klage på vedtak

I 2019 vart det gjennomført 3 tilsyn. Fylkesmannen i Møre og Romsdal kom på ikkje meldt tilsyn ved skjerma eining våren 2019. Her var avvik på vedtaksføring. Fylkesmannen lukka tilsynet tidleg hausten 2020. Arbeidstilsynet kom på planlagt tilsyn til heimetenesta (vår) og Bu- og habilitering (haust). Tema var Trussel og Vald. Begge einingane fekk merknadar, einingane fekk bistand frå Stamina i utarbeiding av handlingsplan. Handlingsplan frå Heimetenesta er godkjent. Handlingsplan frå Bu- og habiliteringstenesta er under arbeid.

Det er registrert 3 klager på tiltaksvedtak. To av dei er avklart i dialog med søkjar. Ein klage vert vurdert vidare sendt til Fylkesmannen for vidare sakshandsaming. Kvalitetsforbedringsarbeid - sjukefråvær

I samband med innflytting i det nye helsehuset er det naturleg å vurdere driftsforma ved legesenteret som eit rekrutteringstiltak for å sikre ei god og trygg legeteneste framover.

Sektorens kvalitetsforbedringsarbeid byggjar på kvalitetssystemet Compilo. I 2019 vart det utarbeidd eit dokument som beskriv strukturen i arbeidet. Fokus på meldekultur (avvik og forbetring). Implementering av strukturen vert eit viktig arbeid i 2020.

Det har utvikla seg ein god meldekultur i sektoren. Antall avvik i 2019 er 263 fordelt på alvorlighetsgrad: Høg: 14,1 prosent; middels: 47,1 prosent og låg: 38,8 prosent. Høg grad er fordelt på to kategoriar: trussel og vald og medikamenthandtering. Det vert arbeidd målretta for å førebygge/reducere begge kategoriar.

Det er kjekt at sjukefråværet i sektoren er redusert med om lag 1 prosentpoeng. Dei fleste einingane har reduksjon i sitt langtidsjukefråvær. Ei eining har eit vesentleg auke i langtidsfråværet, men reduksjon i korttidsfråværet. Fokus og tiltak for å redusere sjukefråværet er tema i alle einingane.

## 9.5.1 Tenestene

### Velferdskontor/stab

(Oddrun Alme Mork/Gunn Marthe V. Pieroth/Unni Bergdal/Inger Anne Moltu)

Velferdskontoret har ansvar for eigenbetaling for institusjonsopphald, grunnlag for fakturering av tenester som matlevering, praktisk bistand, dagsenter og tryggleiksalarmar. Eininga har ansvar for sakshandsaming/vedtak/tildeling av ulike helse- og omsorgstenester, arkiv, post, kontering av faktura, rapportering til KOSTRA og IPLOS, ressurskrevjande tenester samt sørge for bemanning av resepsjonstenesta. Logistikkansvar for varelager/sentrallager, koordinering av innkjøp for sektoren, samt effektivisering av parkeringsbevis for røyrslhemma er også lagt til stabseininga.

Måloppnåing - utfordring 2019

- Eigenbetalinga – samarbeider med Nav, pasient/pårørande og økonomiavdelinga og er med interkommunalt nettverk for fagområdet. Etterrekningar vart utført innan fristen og ingen klagesaker i 2019
- Sakshandsaming for alle helse- og omsorgstenester vart gjort etter individuelle vurderingar og gjeldande lovar og reglar.
- Auke av søknadar og meir komplekse saker medførte at ein ikkje greidde å halde alle tidfristane jf. forvaltningslova.
- Frå november vart 20 prosent fagressurs tilført for å styrke sakshandsaminga innan habilitering (lånt ressurs frå bu- og habilitering).
- Stabseininga merkar at ressursane til sakshandsaming er knappe nokon som gjenspeglar seg i utfordring om å overhalde tidsfristar jf. forvaltningslova.
- Alle i eininga har sine spesifikke arbeidsoppgåver, noko som gjer arbeidet svært sårbart ved fråvær.
- Helse- og omsorgsplanen er utsatt
- All rapportering er overhaldt innan gitte fristar

### 9.5.1.1 Kjøkkenet

Einingsleiar Ann Cecilie Garnes Utgård

Kjøkkenet er felles for alle einingane i velferd, og leverer tenester til alle sektorane i kommunen i form av catering. Kjøkkenet leverer også mat til gravferder og jubileum til bebuarane ved Hadartun. Kjøkkenet har særreign krav og føresegn, samt løpande logistikk og innkjøp som skil seg vesentleg frå tenestene i dei fem einingane i sektoren. Vi har eit godt utstyrt kjøkken, men noko av utstyret byrjar å bli gammalt og utslitt.

#### Lærling

Kjøkkenet har per i dag ein lærling. Vi hadde ein lærling som tok fagbrev i august 2019. I juli 2019 starta ny lærling.

Vi kjem til å fortsette å ta inn lærling i åra framover så lenge der er søkjarar. Ser det er nedgong på søkjarar til denne linja. Det er svært viktig å rekruttere nye kokkar til dette faget, då dei færraste nyutdanna vel å jobbe som institusjonskokk. God matomsorg er god medisin. Vi har siste åra sett at det er stor auke i ulike diettar og behov for brukarane våre.

#### Delmål/Utviklingsmål

Kjøkkenet har fått løyvd midlar til å starte eit omstillingsprosjekt som gjeld kvalitetsforbetring og betre ressursutnytting ved bruk av elektroniske bestillingslister til postkjøkena. Vil jobbe for å få dette på plass i 2020.

Eit anna mål var at kjøkkenet skal bidra til å opprette arenaer som skaper trivsel og matglede for bebuarane. Dette har kjøkkenet gjort i samarbeid med dagsenteret og skulane. Vi har arrangert sommarfest i samarbeid med dagsenteret. Vi har i samarbeid med barneskulane i kommunen arrangert Peparkakelandsby, og i slutten av året den årlege julefesten.

Dette er god omdømebygging for kommunen.

#### Pluss-samtalar

Det er gjennomført pluss-samtalar ved eininga.

### 9.5.1.2 Helse- og koordinerande eining

Einingsleiar Monica Svoren

Eininga består av tilsette med høg fagkompetanse fordelt på mange ulike fagområder.

Dei skal med sin spisskompetanse vere pådrivarar i helsefremjande og førebyggjande arbeid på tvers av einingar i sektoren, mot andre sektorar og i heile kommunen. Det er stor grad av tverrfagleg samarbeid med brukaren i fokus, og mål om god flyt i tenestene.

Vi arbeider for heilheit i oppgåver, og ei dreining frå individ til grupper for å nå flest innan dei tildelte rammene.

#### Teneste for psykisk helse og rus

Tenesta har i 2019 fått utvida sin kompetanse med endringar i personalgruppa. Det er ei auke i kompetanse retta mot barn og ungdom.

Vi har dermed jobba målretta særskild med i teneste retta mot barn og ungdom og deira behov for oppfølging innan psykisk helse. Det er sett i gang forebyggjande arbeid i barneskulane i tillegg til arbeidet som er på ungdomskule. Her er det eit tett samarbeid med helsesjukepleiarar og lærarar i skulen. Det er fast treffetid med psykiatrisk sjukepleiar i skule. Fleire ungdommar vert og følgde opp med støttesamtaler utanom skule. Det er fortsatt auke i tilvisingar av ungdom og unge vaksne med angst, depresjon, sjølvskading og sorg. Behovet for å drive aktivt førebyggjande arbeid er stort, og vi rettar endringsarbeid mot grupper for å kunne nå flest mogleg. Psykiatrisk sjukepleiar har fast treffetid ein dag i veka på ungdomskulen, og oppfølging av elevar med samtalar. Tenesta deltek og i informasjonsmøter og i opplysningsarbeid i dei enkelte klassetrinn. Det meste av tilbodet er framleis retta mot enkeltsamtaler utifrå henvisningar og det dekkjer alle aldersgrupper. Det er og stor grad av vaksne og eldre med svært samansette vanskar. 2019 vart det starta opp eit samarbeid med Nav og tenesta IPS – vegleiarar/ jobbspesialistar. Det er individuell oppfølging av personar som er motivert for å kome i ordinært arbeid.

Teneste og tilbod til brukarar knytt til rus er utfordrande mellom anna med bakgrunn i manglande tilrettelagde bustadar.

Dei tilsette i tenesta deltek og i krise og omsorgsarbeidet i kommunen.

#### Fellesskapet aktivitetssenter

Det er tilbod om dagsenter for menneske med psykiske vanskar to dagar i veka. Det har vore om lag 15 brukarar av dette tilbodet siste åra, og vi er i ferd med å vidareutvikle tilbodet for å kunne nå fleire. Tilbodet inneber mellom anna felles måltid, turar, hobbyaktivitetar og gode samtalar.

” Det er fortsatt auke i tilvisingar av ungdom og unge vaksne med angst, depresjon, sjølvskading og sorg.

## Dagsenter for eldre heimebuande

Dagsenter for eldre heimebuande er ei teneste som har som mål å bidra til at dei eldre kan bu heime lengst mogleg. Det har også i 2019 vore ei auke i talet på brukarar av dagsenteret, og tilbagemeldingar er at dei eldre er svært positive til å ha eit tilbod om å kome på dagsenter. Dette kan bidra til å utsette behovet for andre omsorgstenester som omsorgsbustad og sjukeheims plass. Dei eldre vert henta i heimane sine og køyrt til dagsenter der dei får frukost, middag og tilbod om trim og ulike aktivitetar.

## DagAktivitet for heimebuande med demens

Behandlingstilbodet er ein lovpålagt kommunal oppgåve frå 2020. Hausten 2019 vart det etablert ei prosjektgruppe over to år der prosjektets formål er å utarbeide og iverksette behandlingstilbodet. I budsjett 2020 vart det løyvd driftsmidlar og stillingsressurs. Det vart og løyvd midlar til ombygging av lokale.

## Fysioterapi og ergoterapitenesta

Kommunen har driftsavtale med eit privat institutt med tre driftsheimlar fordelt på fire fysioterapeutar. Det er ei 100 prosent stilling som kommunefysioterapeut og ei 100 prosent stilling som kommuneergoterapeut. Etter vakanse store delar av første halvår fekk vi tilsett ny ergoterapeut som tok til i stillinga i september. Med prosjektmidlar frå helsedirektoratet knytt til helsestasjon og skulehelseteneste kunne vi auke med 60% midlertidig prosjektstilling for fysioterapi. Fysioterapeuten deltok i helsefremjande og førebyggjande tiltak knytt til fysisk aktivitet i barnehagar og skular, oppfølging av familiar med overvektige barn i samarbeid med helsejukepleiar, og også tiltak i samband med auka oppfølging av gravide og barselkvinner. Fysioterapeut har og hatt treftid i skule. Både fysioterapi og ergoterapitenesta yter tenester til brukarar i alle aldersgrupper og på ulike arenaer som primærheim, sjukeheim, tilrettelagde bustadar og i skular og barnehagar. Dei arbeider med helsefremjande og førebyggjande tiltak. Ergoterapeut gjer vurderingar av brukarar sine behov for hjelpemiddel, hjelper med søknadar og formidlar hjelpemiddel, og utfører vurderingsbesøk i heimar. Ein stor del av arbeidet skjer i tverrfagleg samhandling med andre yrkesgrupper.

## Helsestasjon og skulehelseteneste.

Helsestasjon og skulehelseteneste vert drive etter nasjonale retningslinjer innanfor førebyggjande helsearbeid blant familiar, born og unge under 20 år. Barneskulane har også i 2019 hatt ein auke i tilbod frå helsejukepleiarar. Med prosjektmidlar frå helsedirektoratet også i 2019 det vore ekstra ressursar til tverrfagleg arbeid mellom helsejukepleiar og fysioterapeut. Dette har medverka til auka oppfølging og tilbod til barn, unge og gravide. Det vert søkt nye prosjektmidlar for 2020. Noko av tilboda er: fødsels- og foreldreførebuande kurs, barseltraining, bassengtraining for gravide, barselgrupper, helseopply-

sing i grupper i skule, enkeltkonsultasjonar, deltek i foreldremøter i skule, og i tverrfaglege team.

Flyktingar vert fylgt opp med eigne obligatoriske kontrollar. Helsejukepleiar deltek i undervisningsarbeid kring helsefremmande og førebyggjande arbeid på ressursenteret og har faste tider der. Det er tilbod om helsestasjon for ungdom 2 timar kvar måndag og lege er tilstade.

## Jordmortenesta

Tenesta er eit interkommunalt samarbeid mellom Ulstein, Hareid, Herøy og Sande med Ulstein som vertskommune. Hareid kjøper tenester tilsvarende ei 30 prosent jordmorstilling som har ansvar for svangerskapskontrollane og foreldreførebuande kurs. Jordmor tek også heimebesøk til nyfødde.

## Støttekontakt

Det vert gitt individuell opplæring til kvar støttekontakt. Sjølv om det er meir tidkrevjande, får vi lettare dekt den einskilde sine behov på den måten. Vi får positive tilbagemeldingar frå brukarar fordi vi har funne rett person til deira behov. I 2019 hadde 28 personar vedtak om støttekontakt.

## Koordinerande eining

Etter Helse og omsorgstenestelova § 7-3 har kommunen plikt til å ha ei koordinerande eining for habilitering- og rehabiliteringsverksemda. I Hareid er det einingsleiar for helse og KE, kommuneergoterapeut, leiande helsesøster og kommunefysioterapeut som utgjør teamet. Eininga tek imot søknadar for individuelle planar og ansvarsgruppe, samt tildeler koordinator.

## Legeteneste

2019 var igjen eit år med store utfordringar i legetenesta på grunn av mangel på legar og sjukefråver. Der er seks fastlegeheimlar ved Hareid legesenter som er privat drive. Tre av heimlane er kombinert med kommunale oppgåver som sjukeheimslege og lege for helsestasjon og helsestasjon for ungdom. Det har frå sommaren vore ein ledig heimel med vikarlege. Heimelen har vore utlyst utan kvalifiserte søkarar. Kommunen har ikkje turnuslege, men det er felles mål mellom legar og kommune å få det på plass ved innflytting i nytt helsehus og auke i areal. Legane leiger lokale frå kommunen, og lokala er små med dårleg inn klima. Det vert jobba med å få på plass nye avtalar mellom legane og kommunen. Kommunen var utan kommuneoverlege store delar av 2019 på grunn av mangel på søkarar til stilling. Det vart på hausten inngått avtale med kommuneoverlege i 20 prosent stilling.

### 9.5.1.3 Bu- og habiliteringseining

Einingsleiar Tommy Anzenberger

Det er fortsatt den mest aukande og ressurskrevjande eininga i sektor for velferd. Det krev eit tett samarbeid mellom pårørande, fastlege, spesialistar og eininga for å kunne bygge gode tenester rundt den einskilde brukar.

Det har vore tilsyn i 2019 frå arbeidstilsynet på rutinar rundt vold og truslar kor det kom pålegg om forbetningsarbeid.

Det har vore gjennomført planmessige kvalitetsforbetningsarbeid i samarbeid med Stamina i 2019, for å lukke dei pålegga arbeidstilsynet kom med. Tilsynet var ikkje lukka i 2019 då det også blei oppdaga avvik rundt bygningsmessige forhold.

#### Hjellebakken

Eininga yter tenester til fastbuande utviklingshemma i eigen bustad og avlastning til familiar med born og unge under 18 år som har særlege store omsorgsbehov.

Det har vore ein auke i talet på barn som har behov for avlastning, og dette har krevjande å organisere. Lokaltetane kunne har vore betre tilrettelagt for nokon av barna, og kan gi utfordringar med å organisere avlastning.

#### Avlastningstilbodet

Det er svært krevjande både for brukar og personalet at det er for liten plass på avlastningsbygget. Bygget er per i dag ikkje tenleg for alle brukarane.

Det ha ikkje vore endring på avlastning for barn under 18 år i 2019

#### Brukarar i eigen heim – oppsøkande miljøarbeid

Talet på brukarar i eigen heim som trenger lovpålagte tenester har auka i 2019

Det er brukarar som har behov for oppfølging i egen bustad, for å kunne klare å bu i eigen heim. Det omfattar å gi rettleiing innafor daglege gjeremål og hjelpe eller oppmode til å delta på sosiale aktivitetar. Dette er avgjerande for å kunne sikre fleire brukarar hjelp på ein god måte, innanfor dei rammene som er gitt. Dette har blitt løyst ved å legge til rette for bruk av ressursar i samarbeid med Hjellebakken. Målet er å sjå ressursane på tvers, slik at ein kan nytte ressursane og fagkompetansen til personalet på ein best mogleg måte

#### Brukarstyrt personleg assistanse

Eininga har ansvar for nokon av brukarar som nyttar Brukarstyrt personleg assistent (BPA).

Det er eit aukande krav frå brukarar og pårørande om å nytte denne forma for tenesteytinga, sidan den er rettighetsfesta. Det

har vore auka av talet på timar per vedtak.

Hareid kommune har rutinar for internkontroll av BPA ordningar utført av private aktørar.

#### Sanzibar

Dagsenteret Sanzibar vert nytta til å gjennomføre daglege aktivitetar for dei fleste med fast bustad ved Hjellebakken. Det har vore auke i personar som har for dagsenterplass og arealet på Sanzibar er ikkje stort nok til at det er mogleg å gjennomføre tilpassa aktivitetar eller skjerming av brukarar med ulike behov. I 2019 har det vore vesentleg auke i bruk av Sanzibar også for brukar som ikkje bur ved Hjellebakken. Plassmangel er prekert, og det reduserar moglegheit til individuell tilpassing.

#### Utfordringar

Det er ikkje gode nok lokale for drift av dagtilbod eller eit kveldstilbod for brukarane. Det er eit stort behov for nye lokale til dette. Brukarar har behov for ei tett oppfølging med få personale rundt seg, men dette kan vere vanskeleg å innfri ved fråvær. Barneavlastinga er ikkje godt nok tilrettelagt for den brukargruppa som har teneste da bygget ikkje er tilrettelagt for å dekke behova til den enkelte.

Der er unge vaksne brukarar som ikkje har eit godt tilbod om arbeidsaktivitet og moglegheit for eit godt sosialt liv, sidan vil manglar egna lokalitetar.

Utfordringar rundt plassmangel for brukarar som får teneste gjennom Bu- og habiliteringstenesta har vore vedvarande over fleire år og behovet har auka i 2019. Det gjer også at ein må drifte det dyrare enn om lokalitetane var på plass.

### 9.5.1.4 Korttidsavdeling

Einingsleiar Monica Småge Skeide

Korttidsavdeling har 15 senger + 1 Kommunal Akutt Døgnplass – KAD seng.

Eininga yter tenester til pasientar som har fått langtidsopphald på institusjon og til dei som har mellombels behov for vurdering/rehabilitering etter sjukdom og skader.

Målet er at alle vurderingsopphald og korttidsopphald skal skje på Korttidsavdelinga ved hjelp av 5 senger. I snitt greier vi ikkje meir enn 1-3 senger då behovet for langtids plassar er stort. Ansvarleg sjukepleiar på korttidsavdelinga tek imot varsel om utskrivingsklar pasient via E-link og avgjer saman med einingsleiar om når pasienten kan takast mot. I dette ligg og vurdering om utskrivning til heim er eit alternativ. Pasientar som kjem inn på sjukeheimen er meir hjelpetrengande enn for få år tilbake.

Korttidsavdelinga har eit rom som er sett av til øyeblikkeleg hjelp (KAD). Det er berre lege som kan legge inn pasientar på KAD i sjukeheimen.

## Samhandlingsreforma

Avtalar og samarbeidsorgan

Det er inngått eit omfattande avtaleverk mellom kommunane og helseføretaket.

HMR har laga ein utviklingsplan for vidare arbeid og satsingsområde. Hareid kommune er representert i det lokale samhandlingsutvalet ved Volda sjukehus, Sunnmøre Regionsråd si samhandlingsgruppe og i overordna samhandlingsutval for HMR.

## Utskrivingsklare pasientar

I 2019 har vi hatt bøter frå helseføretaket på 91 987. Til orientering har Hareid kommune meldt samhandlingsavvik ved sakshandsaming av utskrivingsklare pasientar og fått medhald som igjen har redusert vesentlege kostnader knytt til krav. Vi har arbeida målretta med god kommunikasjon og planlegging mellom helseføretak, sjukeheim og heimetenester. Dei to rehabiliteringsleilighetene på Hadartun som heimetenesta administrerer, har vore i bruk kontinuerlig. Desse er med på å auke fleksibiliteten vår når det er stort behov for rehabilitering eller vurderingsopphald.

## Kommunal Akutt Døgnplass

Frå 1. oktober 2012 har vi hatt tilbod i KAD. Det blir nytta eit eige rom ved korttidsavdelinga. Det blir opplevd svært nyttig å ha tilgang på slike plassar, sjølv om behovet har gått noko ned. Frå eit pasientperspektiv gjeld dette spesielt eldre med kognitiv svikt, som ofte blir svært dårleg av å bli innlagt på sjukehus der dei må dele rom med fleire, og pårørande ikkje er like tilgjengelige.

## Utfordringar

Pasientar har stadig færre liggedøgn i helseføretaket, og dette aukar presset på våre senger. I tillegg har fleire av pasientane samansette og alvorlege diagnosar, som tidligare fekk behandling i spesialisthelsetenesta. Dette gjer at avdelinga tidvis må leige inn ekstra ressursar. Dette gjeld heile døgnet, også på natt. Feriestengingar av psykiatriske avdeling, rehabiliteringstilbod etc. gjer at vi får ekstra stort trykk i samband med påske, sommar og jul når ein grunna helgedagstillegg burde prøve å ha lågare drift. Vi ser også at stillinga som sjukeheimslege i 50 prosent er under press. Grunna stadig dårlegare pasientar, er det nødvendig å tilkalle lege fleire kveldar i veka og omtrent kvar helg. Vi kan sjølv sagt bruke legevakt, men vi ser at ved å bruke sjukeheimslegen, forhindrar vi ein del innleggingar i sjukehus

## 9.5.1.5 Buavdeling og skjerma eining

Einingsleiar:

Nina Ulstein 01.01.19 – 31.07.19

Hanne Marte Grimstad Sukka 01.08.19-31.12.19

Bu-eininga har 17 plassar, derav eitt rom som er nytta som dobbeltrom

Eininga yter tenester til pasientar som har fått langtidsopphald på institusjon, med nokre få unntak av korttidsopphald, dersom korttidsseining ikkje har moglegheit til å ta imot aktuelle pasientar.

Eit av måla til buavdelinga er å gje trygg og god omsorg til pasientar som ikkje lenger kan bu i eigen heim. Buavdelinga har multijuke pasientar, med store, samansette utfordringar. Pleiarane må ha stor fagleg breidde, då dei skal handtere svært krevjande pasientstatus, på same tid som at dei skal ta seg av demente som kan vere både urolege og utrygge. Dette ser vi er ei aukande utfordring på eininga, og det krev høg fagleg kompetanse. Eit av tiltaka for å møte desse utfordringane er at to i personalgruppa ved eininga har fullført vidareutdanning i miljøterapi i demensomsorga ved Høgskulen i Volda. Ein har også eige sertifisert personale som er HLR-instruktørar, og alle faste tilsette har opplæring i ProACT. Det er også ynskjeleg å få hygiene- og infeksjonssjukepleiar på avdelinga, då vi ser stort behov for det.

For å kunne gi best mogleg pleie til pasientane, er det viktig å samarbeide med pårørande. Dei har ofte mykje god og viktig informasjon som vi kan dra nytte av i vårt arbeid. Vi har difor innkomstsamtale med pårørande til dei som er nye på eininga. Hausten 2019 vart det etablert pårørandeforening. Dette ga oss ei god anledning til å invitere til pårørandemøte hausten 2019. Dette vart godt motteke, og vi fekk gode innspel. Desse møta ynskjer vi å arrangere to gonger i året, då vi ser nytteverdi av godt samarbeid, og det å lage gode forum for pårørande som også sit med mange spørsmål og ynskjer.

## Utfordringar

Ut frå tilgjengelig data veit vi at Hareid har mange eldre innbyggjarar. Vi merkar stor etterspurnad etter tenester og sjukeheimsplassar. Prioriteringa på kven som får fast plass blir stadig vanskeligare.

Eininga krev tilsette med god fysisk helse, då den har stor pleietyngde. Dette fører til at ein må arbeide svært målretta med sjukefråver. Det å skape føreseielege og gode dagar for dei tilsette har vore krevjande med tidvis høgt sjukefråver, noko som igjen genererer mange vikarar og ufaglærte. Når det er slik over fleire

” Pleiarane må ha stor fagleg breidde, då dei skal handtere svært krevjande pasientstatus, på same tid som at dei skal ta seg av demente som kan vere både urolege og utrygge.

år, fører det til at vi må handtere krav om stilling frå ufaglærte, og det igjen genererer ein mindre andel faglærte på jobb. Dette er eit felt vi vil jobbe ekstra med i tida framover. Vi oppmodar dei med fast stilling som er ufaglærte til å jobbe målretta for å få seg fagbrev. Pasientane har krevjande og samansette diagnosar, og vi er difor avhengig av å ha fagdekning til ei kvar tid.

### 9.5.1.6 Skjerma eining

Einingsleiar:

Nina Ulstein 01.01.19 – 31.07.19

Hanne Marte Grimstad Sukka 01.08.19-31.12.19

Skjerma eining har 15 rom i bruk, eitt dobbeltrom fram til hausten 2019.

Målgruppa er personar med ei demensdiagnose som treng stor grad av tilrettelegging på grunn av redusert forståing av sosiale normer. Dette stiller store krav til personalet i form av kompetanse og personlege eigenskapar. Fleire av personalet ved avdelinga har tatt vidareutdanning innan miljøterapi i demensomsorga og demensomsorgens ABC. Personalet har opparbeidd seg høg kompetanse på å handtere både utfordrande pasientar og situasjonar. Avdelinga jobbar målretta med miljøterapi.

For å kunne gi best mogleg pleie til pasientane, er det viktig å samarbeide med pårørande. Dei har ofte mykje god og viktig informasjon som vi kan dra nytte av i vårt arbeid. Vi har difor innsamlingssamtale med pårørande til dei som er nye på eininga. Hausten 2019 vart det etablert pårørandeforening. Dette ga oss ei god anledning til å invitere til pårørandemøte hausten 2019. Dette vart godt motteke, og vi fekk gode innspel. Desse møta ynskjer vi å arrangere 2 gonger i året, då vi ser nytteverdi av godt samarbeid, og det å lage gode forum for pårørande som også sit med mange spørsmål og ynskjer.

Sansehagen skal utviklast vidare for kvart år med planter og gjenkjenning for pasientane som bur på skjerma avdeling. Det vert også haldt sommarfest i sansehagen for pasientar, tilsette og pårørande, denne festen vil bli eit årlig innslag. Sansehagen krev ein del vedlikehald, og ein har enno ikkje funne ei god rutine på dette.

Eininga fekk etablert eit rom til forsterka skjerming hausten 2019. Her kan pasientar som har behov for ekstra skjerming bli tildelt rom – anten for ei kort eller ei lang periode. Det er lagt til rette for å kunne etablere Velferdsteknologi på rommet. Bruken av dette romet vert kontinuerleg vurdert og evaluert.

Fylkesmannen kom på tilsyn som ikkje var meldt våren 2019. Tilsynet tok for seg tvangsbruk på eininga. Nokre avvik vart avdekt, men hausten 2019 fekk vi avvika lukka. I prosessen har vi lært mykje, samt fått laga gode prosedyrar for korleis vi handterer

dette i kommunen. Sakshandsamar er god støtte til eininga for å få gjort dette på ein ryddig og god måte.

### Utfordringar

Ut frå tilgjengelig data veit vi at Hareid har mange eldre innbyggjarar. Vi merkar stor etterspørsel etter tenester og sjukeheimsplassar. Prioriteringa på kven som får fast plass blir stadig vanskeligare.

Eininga krev tilsette med god mental helse, då arbeidsdagen er lite føreseieleg og tidvis svært krevjande. Dette fører til at ein må arbeide svært målretta med sjukefråver. Det å skape føreseielege og gode dagar for tilsette har vore krevjande med tidvis høgt sjukefråver, noko som igjen genererer mange vikarar og ufaglærte. Når det er slik over fleire år, fører det til at vi må handtere krav om stilling frå ufaglærte, og det igjen genererer ein mindre del faglærte på jobb. Dette er fokusområde for tida framover. Vi oppmodar dei med fast stilling som er ufaglærte, til å jobbe målretta for å få seg fagbrev. Pasientane har krevjande diagnosar, og vi er difor avhengig av å ha fagdekning til ei kvar tid. Dei tilsette på eininga er svært bevisst på å ta vare på kvarandre når dei står i krevjande situasjonar, det gode arbeidet der må vidareførast.

### Leiarsituasjonen

Einingsleiar for bu- og skjerma eining er per i dag lønna under ansvaret skjerma eining 4022. Einingane er svært ulike, dei har store og krevjande faglege utfordringar, samt store personalgrupper. Det er krevjande avdelingar å jobbe på, noko som i ei årrekke har vist seg ved høgt sjukefråver og stor slitasje på personalet. Bu-eining har den største pleietyngda i kommunen, medan skjerma eining har store utfordringar med atferdshandtering. Ein har hatt utfordringar med rekruttering av fagpersonell, og ufaglærte har fylt vaktplanane i lang tid.

Det er lite tildelte koordinatorressursar – 20 prosent per eining, og særleg på skjerma eining er det vanskeleg å gå i frå avdeling for koordinator om ho er på ordinær vakt. Dette fører til at mykje administrasjon og dagleg drift naturleg nok ligg på leiar.

Bueininga har vore ei avdeling der ein har forsøkt ulike former for leiing. Det har vist seg å vere vanskeleg å få til ei god løysing, då eininga i seg sjølv – med store, komplekse utfordringar, har behov for leiar tett på.

Det store spennet leiar har ansvar for, fører til at viktige oppgåver må prioriterast vekk. Kontraktar blir mangelfulle, det faglege nivået er vanskeleg å halde oppe på eit høgt nivå, og fagutviklingsdagane vert ikkje gode nok. Einingar som skal ta hand om multisyke pasientar, har stort behov for fagleg oppdatering. Om ein kunne ha prioritert personaloppfølging meir, ville ein mest truleg sett ein nedgang i sjukefråver. Det er også heilt naudsynt at einingane er oppdatert på ulike prosedyrar – til dømes tvangsbruk. Dette krev tett oppfølging frå leiar.

” Om ein kunne ha prioritert personaloppfølging meir, ville ein mest truleg sett ein nedgang i sjukefråver.



I tillegg til det som no er nemnt, er det forventet av leiar å ha økonomisk styring over einingane, samt å vere med på omorganisering og utvikling av tenestene. Det er sjølvsagt også mange andre oppgåver og verv som fylgjer med leiarstillinga. Om ein ynskjer å lyfte tenesta eit hakk, sjå på gode løysingar for omorganisering og endring – som igjen kan føre til betre økonomistyring, er det aktuelt å vurdere leiarsituasjonen. Kontrollspennet er så vidt, at det vert vurdert som mest hensiktsmessig at desse to einingar har kvar sin dedikerte einingsleiar. På sikt vil ein truleg sjå at det løner seg på mange områder.

### 9.5.1.7 Heimetenestene

Konst. Einingsleiar Hanne Marte Grimstad Sukka 01.01.2019-30.07.2019

Einingsleiar Christina Aasen-Helvig – 09.09.2019-31.12.2019

Under heimetenestene ligg tenesteytingane heimesjukepleie, praktisk bistand (heimehjelp, personleg assistanse og BPA), Haddartun omsorgsbustader og omsorgsløn.

Alle tenester blir gitt som enkeltvedtak etter forvaltningslova.

#### Kompetanse og velferdsteknologi

Heimesjukepleie har felles arbeidsplan for tilsette for å kunne nytte kompetanse på rett stad, etter vedtak om dette for både heimebuande og bebuarar i omsorgsbustader. Tidlegare var assistentar i omsorgsbustad organisert i turnus for seg, tiltak er gjort for å implementere kompetanse på rette stadar etter behov for helsehjelp. To tilsette i heimetenesta tek no vidareutdanning innan rus. Heimetenesta sine arbeidsoppgåver krev høg fagleg kompetanse hos dei tilsette, og det har vi hatt fokus på ved å gi tilpassa fagleg undervisning på fagutviklingsdagane. Satsing desember 2019 saman med sjukeheim på innføring av verktøya «ProACT» for å vurdere forverra helsetilstand og kommunisere betre med instansar som legevakt og sjukehus

Vi har jobba målretta med kartlegging og vurderingar kring bruk av velferdsteknologi. Det er ein tidkrevjande og til dels kostnads-krevjande prosess, men for å møte framtida sine behov ser vi at dette må prioriterast. Dei digitale tryggleiksalarmane med mobile vaktrom vart implementert våren 2019. Heimetenesta deltek i arbeidsgruppe for velferdsteknologi, samt sjustjernergruppa som gjeld samarbeid kring prosedyredeling for innført velferdsteknologi.

#### Brukargruppene sine behov

Dei yngre brukarane har som oftast eit langvarig behov på grunn av kronisk sjukdom eller skade, som er svært ressurskrevjande. Dette har medført ein auka i BPA, som er nemnt under økonomiske avvik. Sjukdomsbildet hos dei eldre vert meir komplekst og

samansett, noko som krev meir ressursar og fagkompetanse. Vi ser også at stadig sjukare pasientar skal behandlast i kommunen, dette vere seg handtering av cellegift, omfattande prosedyre og komplekse situasjonar. Vi vert utfordra på å gi dei trygg og god helsehjelp, og det krev kompetent personale til ei kvar tid. Heimetenestene har eit tett samarbeid med dei andre einingane i velferd, for å kunne sikre gode, tverrfaglege tenester til pasientane. Personalgruppa til heimetenestene har god fagleg kompetanse (fleste er sjukepleiar og helsefagarbeidar) og møter utfordringar i pasientane sin eigen heim. Pasientgruppa omfattar både somatisk- og psykisk helse, samt rusproblematikk.

#### Utfordringar

Eining for heimetenester har siste åra endra seg mykje og har store og komplekse ansvarsområder. Etter samhandlingsreformen blei innført i 2012 må både sjukeheim og heimeteneste handtere alvorleg sjuke og det er eit samhandling om kven som kan hjelpast i heimen der det er forsvarleg for ikkje belaste sjukeheimen unødig, men og fordi det er eit mål om at eldre og sjuke får behandling i heimen og kan bu så lenge som råd heime. Dette gjer at her også vert stilt høge krav til kompetanse, heile døgnet. Vi har også sett ei auke blant yngre, psykisk sjuke som treng bistand og hjelp for å meistre livet. Ressursar og drift av BPA krev og mykje frå eininga.

#### NAV Hareid og Ulstein, Hareid

Sjå årsmelding

#### Interkommunalt barnevern – Hareid

Sjå årsmelding

# 10 SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Kommunalsjef: Kai-Rune Bjørke



Kai-Rune Bjørke,  
kommunalsjef for  
samfunnsutvikling

## 10.1 Sektorskildring

### Brannvern:

Oppgåvene her vert ivareteke gjennom samarbeid med Ulstein. Ein syner til eiga årsmelding for dette ansvaret.

### Kommunal eigeendom:

Eininga har, i tråd med tildelte budsjett, ansvar for å forvalte, drifte, vedlikehalde og utvikle kommunale eigeendomar på ein slik måte at dei til ei kvar tid innfrir gjeldande regelverk, beheld eller aukar sin verdi. I tillegg har eininga ansvar for å drive fram ulike byggeprosjekt i kommunen.

Av formålsbygg har vi sjukeheimen, helsesenteret, rådhuset, fire skular, idrettshallen, symjehallen, eit gymnastikk-bygg, tre barnehagar, 46 omsorgs- leilegheiter og 23 utleigeleilegheiter. I tillegg har vi 54 hyblar og to leilegheiter på Myrtunet, samt innleige av seks private leilegheiter, som kommunen leiger ut vidare. I tillegg til dette har vi no under oppføring eit nytt helsehus på om lag 5000 kvadratmeter og ein fotballhall på cirka 3750 kvadratmeter som begge vil verte ferdigstilt i 2020.

Innan område for kommunal eigeendom er det einingsleiar, driftsleiar drift/vedlikehald og fem driftsteknikarar fordelt på 4,82 stillingsheimlar, samt prosjektleiar med éin stillingsheimel (kostnadsførast på prosjekt). Innan reinhald har vi leiande reinhaldar/ansvarleg for utleige kommunale bustadar og 14 reinhaldarar fordelt på 10,58 stillingsheimlar. Totalt 16,9 stillingsheimlar for Kommunal eigeendom.

### Kommunalteknikk:

Eining kommunalteknikk og VAR har fylgjande ansvarsområde: Samfunnsutviklingskontoret

Vatn

Avløp

Slam

Renovasjon

Vegeigar og vegmynde

Park og grønt

Idrettsanlegg

Anløp/Farled

Hamn og hamnemynde, herunder ISPS (International Ship and Port Facility Security Code)

Gatelys

Forureining og forureiningsmynde

Utbyggingsområde – utvikling av bustadfelt og næringsområde

Eininga har 13 økonomiske ansvarsområde.

Eininga består av 12,5 stillingsheimlar, inkludert einingsleiar som har fag-, økonomi- og personalansvar. Eininga har 12 tilsette fordelt med sju tilsette på uteavdelinga og 4,5 tilsette inne på rådhuset.

Einingsleiar rapporterer til Kommunalsjef for samfunnsutvikling.

Eininga v/einingsleiar har også ansvar for Teknisk vakt som er på vakt alle dagar heile året for å sikre infrastrukturen i Hareid kommune. Det er fem personar som går i Teknisk vakt i fem-delt turnus. Eininga har produksjon og aktivitet heile døgnet.

Skildring av ansvarsområda

Vatn – Ansvarsområdet inneheld produksjon og distribuering av drikkevatt til alle abonnentane i Hareid kommune. Dette inkluderer drikkevasskjelde, nedslagsfelt til drikkevasskjelda, vassbehandlingsanlegg, høgdebasseng, trykkaukingsstasjonar og leidningsnett.

Avløp - Ansvarsområdet inneheld utbygging av og rehabilitering av avløpsnett, inkludert pumpestasjonar. Reinseanlegg er under planlegging på Raffelneset. Innanfor dette ansvaret ligg også overvatn. Dette er kanskje den største utfordringa ein har i Noreg pr i dag og Hareid er ingen unntak.

Slam og Renovasjon – Ansvarsområda er forankra i eininga, men ein har driftsavtale med Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) om den praktiske gjennomføringa.

Veg – Ansvarsområdet er dels privatrettslig og dels offentlegrettsleg. Kommunen er privatrettsleg eigar av alle dei kommunale vegane. Ein er også lokal vegmynde etter veglova. Eininga har ansvaret for drift og vedlikehald av vegane, inkludert veggrøft. Eininga er også ansvarleg for vinterdrift av vegane og har 7 brøyteroder.

Park og Grønt – Ansvarsområdet dekkjer alle offentlege grøntområde. Det er Ca 100 mål med plen og Ca 60 mål med buskar og tre som skal driftast og vedlikehaldast. Andre arbeidsoppgåver som ligg til dette området er til dømes handtering av boss, sprøyting av uønskte vekstar, kantrensk og offentlege benkar.

Idrettsanlegg – Kommunen eig idrettsanlegget ved ungdomsskolen og er økonomisk ansvarleg for drifta. Ein har driftsavtale med Hareid idrettslag (HIL) om den daglege drifta av anlegget

Anløp/Farled - Ansvarsområdet dekkjer farleden til alle anløp i kommunen. Det største ansvaret er knytt til anløp av ferje og hurtigbåt.

Hamn – Ansvarsområdet dekkjer drift, vedlikehald og utvikling av alle hamnene i Hareid kommune. Eininga er lokal hamnemynde etter hamn- og farvasslova. Eininga er ansvarleg for ISPS terror-sikring. «International Ship and Port Facility Security Code» er

vedteken av FN sin sjøfartsorganisasjon for å betre tryggleiken for skip i internasjonale farvatn.

Gatelys – Eininga er ansvarlig for drift og vedlikehald av alle gatelys i Hareid kommune. Ein driftar også Statens Vegvesen sine lys og får ein årleg refusjon på dette arbeidet.

Forureining og forureiningsmynde – Eininga er lokal forureiningsmynde. Ansvarsområdet dekkjer sakshandsaming og tilsyn med forureining i Hareid kommune.

Utbyggingsområde – Eininga har ansvaret for å utvikle nye utbyggingsområde i kommunen, til dømes bustadfelt og næringsområde.

#### Sjølvkostområdet:

Sjølvkostområdet omfattar vatn, avløp, forureining og anløp/farled.

Eininga har i tillegg mange bygningar som ein sjølv har ansvaret for drift og vedlikehald av.

#### Næringstiltak:

Dette er i hovudsak administrering av Næringsfondet, samt distriktsveterinær med vertskommunesamarbeid med Ulstein.

#### Plan Byggesak og Geodata:

Eininga består av fire økonomiske ansvarsområde. Desse er plan, byggesak, geodata og beredskap. Eininga har fem årsverk, og utfører eit vidt spekter av oppgåver. Hovudsakleg driv eininga med handsaming av private planforslag, overordna planlegging som til dømes kommuneplan og planstrategi, dele-saker, byggesaker og dispensasjonar, planlegging og oppfølging knytt til kommunal beredskap, oppmåling og sakshandsaming etter matrikkel-lova, GIS (geografiske informasjonssystem) – forvaltning og drift av kartbaser, tildeling av adresser samt føring i matrikkel, eigarseksjonering, sakshandsaming etter motorferdsel-lova, sal av eigedomsdata med meir. Arbeidsoppgåvene som høyrer til eininga generer også ein stor del av besøk frå kundar (innbyggjarar og profesjonelle aktørar), noko som fører til at mykje av arbeidskvardagen vert nytta til rådgjeving og rettleiing både per telefon eller ved fysiske besøk på rådhuset. Einings bistår også internt i organisasjonen med rettleiing, rådgjeving eller opplæring innan dei fagområda vi har ansvar for.

#### Samfunnskontoret:

I dette ansvaret ligg den overordna administrasjonen for sektoren. Ansvaret inneheld Kommunalsjef, to rådgjevarar, samt Folkehelsekoordinator.

Samfunnskontoret har ansvar for alt grunnverv, diverse sakshandsaming, offentlege anskaffingar, overordna juridiske pro-

blemstillingar, samt det meste som har med privatrettslege tilhøve for kommunen.

#### Trussamfunn:

Dette gjeld i hovudsak Hareid sokn. Ansvaret vert i hovudsak ivareteke av Hareid sokn, og ein syner til eiga årsmelding.

## 10.2 Utviklinga i faste årsverk

per 31.12. i rekneskapsåret

Eining	Årsverk
	31.12.2019
Kommunalsjef	1,00
Rådgjevar 1	0,80
Rådgjevar 2	1,00
Folkehelsekoordinator	0,50
Sum adm. sektor	3,30
Veg	1,20
Park-og grønt	1,00
Anløp	0,20
Vatn	5,90
Avløp	3,20
Prosjektleiing sjølvkost	1,00
Sum Kommunalteknikk og VAR	12,5
FDV-bygningar	2,00
Vedlikehald	4,82
Utleige	0,00
Reinhald	10,58
Sum Kommunal Eigedom FDV	16,9
Plan	2,00
Byggesak	1,00
Geodata	2,00
Sum Plan, Byggesak og Geodata	5,00
Samla årsverk	37,70

## 10.3 Ressursinnsats

Sektorrekneskap (eks. finans)				
Tal i tusen kroner	R2019	B2019	Avvik	%
Driftsutgifter	81 849	83 848	1 999	97,6
Driftsinntekter	- 47 805	- 46 572	1 233	102,6
Nettoutgifter	34 044	37 276	3 232	91,3

Grafisk framstilling av "Ressursane vart fordelt slik - (Nettoutgifter i 1000kr)

PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	2 429
BRANNVERN	5 629
NÆRINGSTILTAK	142
TRUSAMFUNN	4 695
SAMFUNSKONTOR	4 119
KOMMUNAL TEKNIKK	5 486
SJØLVKOSTOMRÅDE	-211
BYGG	11 755
SAMFUNNSUTVIKLING	34 044

Avviksoversyn – netttotal			
Eining	R2019	B2019	Avvik
BRANNVERN	5629	6163	535
KOMMUNAL EIGEDOM	11755	12802	1047
KOMMUNAL TEKNIKK	5486	6638	1152
NÆRINGSTILTAK	142	498	356
PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	2429	3615	1186
SAMFUNNSKONTOR	4119	3064	-1055
SJØLVKOSTOMRÅDE	211	2	209
TRUSAMFUNN	4695	4498	-197
SAMFUNNSUTVIKLING	33609	37276	3233

### 10.3.1 Økonomisk avviksanalyse

#### Brannvern:

Ein har gjennom året hatt samordningsmøte og ein har fått meir struktur i samarbeidet. Dette har gjort at ein også har fått eit kunnskap om fordeling av kostnader i høve sjølve drifta av brannvernet opp mot drift av brannstasjonen.

#### Kommunalteknikk:

Eininga har bae ansvar som knyt seg til ordinær drift, men også ansvar på sjølvkostområdet.

På sjølvkostområdet kan ein berre ta betalt for «naudsynte utgif-

ter». Sjølvkostprinsippet set forbod mot at kommunen kan tene pengar på tenestene. Ein kan berre ta betalt for det tenestene faktisk kostar å drifte. Eventuelle overskot innanfor sjølvkostområda skal avsetjast til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år må nyttast innanfor ei femårsperiode. Dette er i tråd med generasjonsprinsippet som slår fast at ein generasjon brukarar ikkje skal subsidiere neste generasjon, eller omvendt.

#### Drift:

Veg: Ansvar veg hadde i 2019 eit underforbruk på kroner 1.023.335. Grunnen til dette er at ein ideelt sett må ha ein buffer til dei siste månadane av året på rundt 600.000. Desse pengane må øyremerkast til eventuelle utgifter til vinterdrift. Den største utgiftsposten på ansvaret knyt seg til veret og det er difor vanskeleg å både budsjettere og disponere gjennom året. Då vinterdrift stadig et meir og meir av det samla vegbudsjettet vil det vere hensiktsmessig å dele ansvara slik at vinterdrift veg får sitt eige budsjett. Når ein må holde igjen pengar i tilfelle det kjem snø mot slutten av året vert ordinært vedlikehaldet av vegnettet nedprioritert. Dette vil etter kvart bli dyrt og etterslepet veks og veks. Ein haldt i 2019 igjen på dette ansvaret då ein ville balansere dette ut mot eit underskot på kommunal eigedom.

**Gatelys:** På ansvar gatelys vart det i 2019 eit underforbruk på kroner 121.441. Det er vanskeleg å berekne dette då det er variable straumkostnader, samt at det varierer kva ein får i refusjon frå Statens Vegvesen. Det vart i 2018 bytta til fjernavlesarar for straumen. Dette vil kunne føre til auka straumkostnader. På same tid har kommunen bytta ein god del av eksisterande armatur til LED-armatur. Dette vil på sikt føre til reduserte straumkostnader. Ein ser at ein fekk meir i refusjon frå statens vegvesen enn budsjettert, dette er hovudårsaka til at ein går med eit underforbruk.

**Park og Grønt:** Ansvar Park- og grønt hadde i 2019 eit meirforbruk på kroner 198.560. Ansvaret har eit stort etterslep på utstyr og utstyrsparken treng store oppgraderingar for å kunne løyse oppgåvene som ligg til ansvaret. Etterslepet veks for kvart år. Ein ser at ansvaret ikkje har noko å gå på kva gjeld utgifter og det vil vere overskridingar kvart einaste år med gjeldande budsjett. Ein klarer ikkje å stette dei nye lovkrava som kjem fordi ein ikkje har midlar til naudsynt utstyr. Overskridinga knyt seg nesten i stor grad til faste utgifter til pensjon, mva etc.

**Idrettsanlegg:** Ansvaret idrettsanlegg knyt seg til anlegget ved ungdomsskulen og driftast av HIL. Ansvaret hadde i 2019 eit underforbruk på kroner 202.843. Grunnen til dette var ei ekst-raløyving på kroner 170.000 som skulle dekke utgiftene til kassering av gammal granulat i forbindelse med bygging av fotballhall. Vi fekk ein pris per tonn som var grunnlaget for summen på 170.000, men når faktura kom var pris per tonn betydeleg mindre enn kva vi hadde fått opprinneleg. Ein løyvar difor ein god del pengar på dette ansvaret i år.

**Hamn:** Hamn vart splitta frå anløp i mars 2018. Hamn er eit drifts-

” Når ein må holde igjen pengar i tilfelle det kjem snø mot slutten av året vert ordinært vedlikehaldet av vegnettet nedprioritert.

ansvar, men fordi det har vore felles med anløp før det vart splitta i mars 2018 har ansvaret ikkje budsjettmidlar. Det same gjeld for 2019. Ein hadde i 2019 likevel meir i inntekter enn kva ein hadde i utgifter. Ansvaret fekk i 2019 eit overskot på kroner 95.065.

### Sjølvkostområde:

**Sjølvkostområde Vatn:** Sjølvkostområdet for vatn fekk eit resultat i 2019 på kroner 0.

Sjølvkostfondet for vatn har ein positiv saldo på kroner 1.522.211,-

**Sjølvkostområde Avløp:** Avløp har eit sjølvkostfond som pr. 31.12.19 har ein negativ saldo 585.545,-. Resultatet for avløp vart i 2019 eit underforbruk på kroner 211.332,- Dette går til inndekning av negativt fond.

**Sjølvkostområde Slamtøming:** Søre Sunnmøre Reinhaldsverk er driftsansvarleg for tøming av septiktankar i Hareid kommune. Området har eit negativt fond på kr. 49.090,-

**Sjølvkostområde Renovasjon:** Søre Sunnmøre Reinhaldsverk er driftsansvarleg for renovasjonsordninga i Hareid. Området har eit negativt fond på kr.10.277,-

**Sjølvkostområde Anløp/Farled:** Hamn og anløp vart i mars 2018 splitta i to ansvar. Anløp er eit sjølvkostansvar og hamn eit driftsansvar. Ein brukte mykje tid og ressursar i 2018 på å rydde opp i økonomien på ansvaret. Ein hadde i 2019 eit positivt resultat på kroner 213.000. Dette dekkast inn av anløpsfondet. Det positive sjølvkostfondet for anløp/farled er kroner 3.638.390,-

**Plan, byggesak og geodata:** Eininga hadde i 2019 eit mindreforbruk på 1.185.628,-. (Dette er tal før rekneskapet er revidert). Dette positive avviket kom frå dei økonomiske ansvara plan og geodata. Kombinasjonen av refusjon frå fødselspengar samt vakanse i ei av stillingane knytt til ansvaret plan store delar av året har gitt eit stort positivt økonomisk avvik, og i samband med vakanse har ein heller ikkje greidd å bruke alle dei budsjetterte utgiftene. Det har heller ikkje vore innleigd vikar. Det økonomiske ansvaret byggesak har hatt eit lite meirforbruk på om lag 60.000,-, dette grunna mindre inntekter enn kva som var budsjettert. Samla sett for eininga fører både driftsinntektene og driftsutgiftene til eit positivt avvik.

**Kommunal eigedom:** Eininga hadde i 2019 eit samla positivt resultat på 1 388 000 kroner.

Ein hadde i løpet av året fleire større uføresette hendingar på fleire av bygga. Dette førte til at ein, for å halde budsjetttrammene, måtte velje vekk gjennomføring av ein del driftstiltak. Driftstiltaka som var planlagt gjennomført sommaren 2019 vart utsett til KST-møte i september, der det vidare vart avgjort å ta ikkje påbyrja tiltak inn i ny budsjetthandsaming for 2020. Nokre av tiltaka skulle etter planen gjennomførast hausten 2019 men disse måtte vente på grunn av alle dei uføresette hendingane/kostnadane.

Nokre av dei uføresette hendingane er fylgjande:

- Svikt i varmesystemet i gymsalen på Bigset skule der utskifting var naudsynt
- Septiktank ved Hareid barnehage måtte fjernast grunna hol i botn
- Knuste fliser i inngangsparti til symjehallen
- Brannstilløp i det elektriske anlegget på Myrtunet
- Flytting frå Myravegen 11 attende til Hareid rådhus (hendinga er for så vidt ikkje uforutsett men det er ikkje sett av eigne budsjettmidlar til dette og eigedomsavdelinga er belasta for flyttinga i si heilheit)
- Utskifting av defekt blåsekjøle på kjøkenet på sjukeheimen
- Deteksjon og skadedyrbekjemping, mykje skjegg- og sølvkre rundt om i formålsbygga
- Stor andel feilsøk og reparasjonar på elektrisk utstyr og anlegg
- Fleire kostbare avvik på heiser
- Utbetring av avvik etter tilsyn frå til dømes Arbeidstilsyn, el-tilsyn og branntilsyn
- Andel av dreneringsarbeid og kostnad knytt til opparbeiding av veg på skuleplassen Brandal kommunale bygg
- Spyling av avløpsleidningar på sjukeheimen/Hadartun
- Skade på sanitærutstyr som wc og servantar som måtte skiftast
- Naudsynt reovering av leiligheit på Hadartun, samt brukartilpassing av fire andre leiligheiter.
- Tilpassing av fleire pasientrom på sjukeheimen pga. endra behov

Den totale kostnaden på dei uføresette hendingane er kr 1,96 millionar eks. mva.

Driftstiltaka som vart utsett grunna uføresette kostnadar er mellom anna:

- Nedgravd avfallsløysing (SSR)
- Prosjektering/gjennomføring legionella kontroll
- Etablere SD-anlegg
- Ventilasjon vaskerom hjelpemiddel

Leigeavtale på Myrtunet gjekk opprinneleg ut våren 2019 men denne vart forlenga til 30.7.19. Reutleige av heile eigedomsmassen i si heilheit har ikkje vore mogleg då behovet i distriktet ikkje er tilstade i den grad det tidlegare har vore. Dette har sin naturlege årsak i manglande ordreserver i verftsindustrien. Ein har derimot delt opp eigedomen i fleire mindre utleigeobjekt. 8 rom er leigd ut i høve bygginga av fotballhallen og frå oktober var adminbygget utleigd til ei flyktningfamilie. (Midlertidig løysing som fylgje av manglande kommunale utleigeleiligheter/hus som ligg sentrumsnært.) Ein vil som fylgje av dette ikkje oppretthalde den leigeinntekt ein har hatt på Myrtunet siste åra. Til slutt må det nemnast at kvaliteten på Myrtunet som utleigeobjekt ikkje er tilfredsstillande.

Det har også siste halvår i 2019 vore noko ledigheit i kommunale bustadar. Delvis grunna reservasjonar frå velferd som ikkje har

vorte nytta og delvis at ein ikkje treff behovet i marknaden med omsyn til størrelse på bustadane. Dette vil også ha innverknad på leigeinntekter.

**Trussamfunn:** Avviket på ansvaret er i hovudsak knytt til tenesteytingsavtalen mellom Hareid sokn og kommunen. Tenestene som kommunen yter vert kostnadsført på sektoren og inntektsført på sentraladministrasjonen. Føringsane er rekneskapstekniske og har ikkje pengeflyt.

Rest-avviket på ansvaret er knytt til at det er rekneskapsført for lite overføringar til andre trussamfunn og at det i 2019 er kompensert for dette.

**Samfunnskonto:** Avviket går i hovudsak på samanblanding med ansvaret kommunalteknisk kontor. Ein har i noko grad også ikkje splitta kostnader ut på einingane. Redusert kapasitet har gjeve utslag i manglande inntekter i høve sal av eigedom osv.

## 10.4 Måloppnåing

### 10.4.1 Mål som vart nådde

#### Kommunalteknikk

Når det gjeld Investeringar vart ny kai ved søndre molo bygd og også Brandal fekk heilt ny kai i 2019. Ein starta opp arbeidet med ny bru i Øvstevegen og ein bygde ut vatn og avløp på Bjåstad Røyset. Prosjektet Miljøgata vart starta opp og nesten slutført. Det står igjen noko arbeid som på grunn av krav om temperatur ikkje kan takast før denne våren. Parken, rundkøyringa og Holstadfeltet vart ferdig prosjektert og med unntak av rundkøyringa lyst ut. Arbeidet med nytt reinseanlegg heldt fram gjennom heile året. Når det gjeld drift vart arbeidet med HMS-kartlegging av eininga og utarbeiding av ROS-analyse for drifta slutført. Ein jobba mykje med drifta på utelageret og å optimalisere denne. Når det gjeld sakshandsaming har ein fått unna mykje etterslep og ligg no betre an kva gjeld restansar en på mange år.

#### Kommunal eigedom

Eininga har siste året vore prega av store byggeprosjekt som i fyrste halvår var koordinert med den kommunale byggenemnda og siste halvår med rapportering til formannskapet. Sidan november har eigedomsavdelinga hatt ansvaret for Helsehusprosjektet. Dette låg tidlegare til byggenemnda med innleigd prosjektleiar frå Hamsto AS.

Alle investeringsprosjekt som stod på planen for 2019 vart slutført siste del av året men det var ei hektisk periode med høgt arbeidspress for å kome i mål innanfor gitt tidsramme og økonomisk ramme. Kommunens eigedomsmasse er fortsatt prega av svært mange uforutsette hendingar, noko som gir dårleg økonomisk

forutsigbarheit. No som tilstandsanalyser og vedlikehaldsplanar ligg føre er ein betre rusta til å få kontroll over bygningsmassen, prioritere dei rette tiltaka til rett tid samt å legge langsiktige planar på vedlikehald.

Eininga er råka av langtidssjukemelding på to tilsette på driftsavdelinga og har difor hatt betydeleg redusert kapasitet. Fokuset i eininga sett under eitt har vore å få oversikt over eigedomsmassen gjennom tilstandsanalyse og digitalisering av teikningar samt gjennomføre lovpålagte tiltak. Det er også prioritert å inngå rammeavtaler med alle tekniske fag og byggfag, ein krevjande og omfattande prosess som ein også må arbeide vidare med i 2020.

Hovudfokuset for hausten 2019 har vore, i tillegg til å løyse dei mange uforutsette hendingane, å slutføre alle vedtekne prosjekt, setje seg inn i helsehusprosjektet samt strategiske tankar om framtida.

#### Plan, byggesak og geodata

Det har heile året vore prioritert ressursar opp mot byggesak for å greie å handsame alle nye saker som har kome inn, samstundes som ein har prøvd å kome seg ajour på forfalne byggesaker frå tidlegare år. Dette arbeidet har vore særskilt vellukka, og innan utgangen av 2019 sat ein igjen med berre nokre få gamle saker. Samstundes som ein på byggesak har greidd å hente inn mykje av etterslepet, har også alle nye søknadar som har kome inn vorte handsama innanfor lovpålagde fristar, dette er særskilt positivt for tenestetilbodet. Plan og geodata har også halde alle fristar for sakshandsaming i 2019. Vidare har eininga delteke i arbeidet med den interkommunale kystsonenplanen, arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel har starta opp, og arbeidet med kommuneplanens arealdel er i gang igjen etter at ein fekk på plass ein ressurs på plan i august. Ein har i 2019 også fått på plass automatisert produksjon av eigedomsdata for sal. Dette skaper meir inntekter for mindre arbeid, og om ein ser det i samanheng med den planlagde digitaliseringa av gbnr-arkivet i 2020 så vil ein på sikt kunne tilby eit betre og meir effektivt tenestetilbod, særleg innan sal av eigedomsdata men også delvis på sakshandsaming i enkelte sakstyper.

### 10.4.2 Mål som ikkje vart nådde

#### Kommunalteknikk

Ein fekk ikkje framdrift på prosjektet med ny kai på Godsterminalen. Eigenandelen på Gjerdeelva vart ikkje nytta i 2019 då ein avventar at NVE skal få tid til å gjennomføre tiltaket.

#### Kommunal eigedom

Driftstiltaka som var planlagt gjennomført sommaren 2019 vart utsett til KST-møte i september, der det vidare vart beslutta å ta ikkje påbyrja tiltak inn i ny budsjettandsaming for 2020. Nokre av tiltaka skulle etter planen gjennomførast hausten 2019 men disse måtte ein avvente pga alle dei uføresette hendingane/kostnada-

Ein har i 2019 også fått på plass automatisert produksjon av eigedomsdata for sal. Dette skaper meir inntekter for mindre arbeid

ne. Disse hendingane/kostnadane måtte vurderast opp mot det totale driftsbudsjettet.

## Plan, byggesak og geodata

Det har vore gjennomført lite tilsyn på byggesak. Dette er klart grunna ressursmangel, skal ein greie å halde fristane for saks- handsaming på nye saker som kjem inn så vil ein ikkje ha tid til å drive tilsyn. Skal ein kunne drive tilsyn og ulovlegheitsoppfølging i den grad ein burde ha gjort, så er det eit klart behov for meir ressursar for byggesak.

## 10.5 Tilstandsvurdering

### 10.5.1 Tenestene

#### Kommunalteknikk

Eining for kommunalteknikk har 13 ansvarsområde. Krava som skal stettast i lovverket er dei same i Hareid som i Oslo og i Bergen. Dette fører til ein krevjande kvardag. Eininga har dei siste to åra fått tilført to ressursar og dette bidrar til at ein får løyst vesentleg fleire oppgåver enn kva ein gjorde tidligare. Det er likevel utfordrande å gjennomføre så mange store investeringar og samtidig få løyst driftsoppgåvene på ein tilfredstillande måte. Belastninga på dei tilsette er stor og ein må tilpasse ambisjonane til ressurstilgangen. Ein har fokus på omdømmebygging og å stette krava til lovpålagte oppgåver. Eininga og medarbeidarane opplever stort arbeidspress, og at ein brukar mykje tid og ressursar på brannslukking, og ikkje så mykje tid som ein ynskjer på langsiktige prosessar og utvikling. Eininga har likevel ein svært stabil arbeidsstokk, eit godt arbeidsmiljø og stabilt lavt sjukefråvær.

#### Kommunal eigedom

Generelt for bygningsmassen på dei kommunale formålsbygga gjeld det at ein har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Svært mange av driftstiltaka som er meldt opp til budsjetthandsaming for 2020 kjem som eit resultat av dette men er også eit resultat av materialval i tidlegare utbyggingar der fokuset ikkje har vore på levetid men på å velje rimelege variantar.

Vedlikehaldsetterslep medfører vidare at ein har uførutsette hendingar som både vert arbeidskrevjande å handtere og som medfører store kostnader for avdelinga. Vi er per i dag ikkje rigga for dette då vi ikkje har eigen uførutsett budsjettpost. Dette vert dermed belasta driftsbudsjettet. Der er heller ikkje sett av midlar for langsiktig planlegging av vedlikehald. Det er kjent at ein berre for 2019 hadde uførutsette hendingar på i overkant av 1,9 millionar kroner (eks. mva). Dette er hendingar ein har sett seg nøydd å ta tak i då det omhandlar HMS samt gir auka risiko for ytterlegare skade på bygningsmassen. Som følgje av dette og for at budsjettet totalt skal gå mest mogleg i balanse, vert konsekvensen at ein

” Vedlikehaldsetterslep medfører vidare at ein har uførutsette hendingar som både vert arbeidskrevjande å handtere og som medfører store kostnader for avdelinga.

må kutte på prioriterte driftstiltak.

Brann og elektro må nemnast særskilt. Eininga for kommunal eigedom FDV får stadig pålegg i høve brann- og eltilsyn på bygga. Punkt som går att i rapportane og som har ei høg alvorsgrad er mellom anna manglande brannetting mellom brannceller, svidde leidningsnett, brende lysarmatur, kortslutta styringsrelé, manglar i og til dels defekte rømingsslys/rømingssvegar, manglar i og til dels defekte brannalarmanlegg med meir. Dette er punkt ein no har teke med i budsjettet for 2020 og som ein vil få utbetra.

Arbeidet med tilstandsanalyser for valte eigedomar er no slutført. Ein har fått god oversikt over bygningsmassen. Delar av analysen var klar til budsjettarbeidet hausten 2019 og ein har valt å ta med dei prekære punkta i budsjettframlegget.

Komplett tilstandsanalyse for alle bygg vert presentert når disse er ferdig samanstilt, eit arbeid som er noko forseinka grunna korona. Det er vidare eit ynskje om å ta med kommunestyret på ei felles befarung på aktuelle stadar slik at ein betre får oversikt.

Vedlikehaldsplan er eit resultat av langsiktig kartleggingsarbeid over bygningsmassen som har pågått i heile 2019. Vedlikehaldsplanen som no vert presentert inneheld også delar av dei momenta som er gjort kjend gjennom tilstandsanalysen. Ein slik plan er dog eit levande dokument som må justerast i høve nye funn i eigedomsmassen.

Eininga har i dag ikkje tilstrekkeleg ressursar til å forvalte, drifte, vedlikehalde og utvikle kommunale eigedomar på ein slik måte at dei til ei kvar tid innfrir gjeldande regelverk, beheld eller aukar sin verdi. Konklusjonen på noverande tidspunkt må verte at forventningane til kva ein klarer å oppnå med lite ressursar må justerast ned men at ein likevel på sikt etterstrebar å nå målet om å skape ein meirverdi for eigar og brukar av bygga. Som kommunestyret var inne på i desember 2019, kan vegen å gå vere å etablere eit kommunalt føretak for eigedomsavdelinga.

Eininga har ein stabil arbeidsstokk og eit godt arbeidsmiljø.

#### Plan, byggesak og geodata

Avdelinga jobbar kontinuerleg med å verte betre på dei tenestene ein tilbyr samt måten ein tilbyr dei på. Det er ei utfordring med knappe ressursar. Eininga prioriterer difor i stor grad publikumsretta oppgåver, samt det å halde dei lovpålagde saks- handsamingsfristane i dei ulike sakstypene. Dette får eininga gode tilbakemeldingar frå brukarane våre på. Men, i eit langsiktig perspektiv vil dette kunne føre til dårlegare tenester, då ein har få eller ingen ressursar til å drive med oppdatering og digitalisering på reguleringsplanar til dømes, dette skaper meirarbeid for byggesak med til dømes større mengde dispensasjonar enn nødvendig. Ein har heller ikkje ressursar til å følgje opp lovpålagde oppgåver som tilsyn og ulovlegheitsoppfølging. Det ligg mykje godt utviklingsarbeid bak fagområda plan, byggesak og geodata, men når ein berre har tid og ressursar til å drive med dagleg drift og sakshandsaming vert det lite tid til framtidstenking og kompe-

tanseheving. Ein hadde vore tent med å investere tid og ressursar i eininga for å kunne jobbe meir med digitalisering, kvalitetsheving, effektivisering og langsiktig planlegging og strategiar. Dette hadde Hareid kommune fått mykje meir igjen for nokre få år fram i tid, både i form av auka inntekter, men også potensielt i form av auka utvikling og busetting.

## 10.5.2 Læring og utvikling

Implementeringa av Compilo er omfattande og ein ser at både manglande kapasitet, og delvis kompetanem gjer at ein ikkje har kome så langt som ein skulle ønskje. Det vert stadig utarbeide prosedyrer, men oppfølging i høve avviksmelding og handsaming av meldingane er framleis utfordrande å få prioritert i ein hektisk kvardag.


## 10.5.3 Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet i sektoren er godt. Utfordringar i høve vakansar, manglande kapasitet og ein del ytre faktorar, påverkar likevel arbeidsmiljøet og til tider arbeidsgleda. På tross av dette ser ein att sjukefråvær samla for sektoren er litt redusert..

Det fysiske arbeidsmiljøet vart svært mykje betre når ein flytta attende til rådhuset, med betra inneklima, lystilhøve, tilpassa kontormøblar og så bortetter.



**Ein hadde vore tent med å investere tid og ressursar i eininga for å kunne jobbe meir med digitalisering, kvalitetsheving, effektivisering og langsiktig planlegging og strategiar.**





**ÅRSMELDING FOR  
HAREID KOMMUNE 2019**

